

## Ved Rundarne

Av Aasmund Olavsson Vinje

No ser eg atter slike Fjöll og Dalar,  
som deim eg i min fyrste Ungdom saag,  
og sama Vind den heite Panna svalar;  
og Gullet ligg på Snjo, som fyrr det laag.  
Det er eit Barnemaal, som til meg talar,  
og gjer meg tankefull, men endaa fjaag.  
Med Ungdomsminne er den Tala blandad;  
Det strøymer paa meg, so eg knapt kan anda.

Alt er som fyrr, men det er meir forklaarat,  
so Dagsens Ljos meg synes meire bjart,  
og det, som beit og skar meg, so det saarat,  
det gjerer sjølv Skuggen mindre svart:  
sjølv det, som til at synda tidt meg daarat,  
sjølv det gjer harde Fjøllet mindre hardt.  
Forsonad koma atter gamle Tankar:  
det sama Hjarta er, som eldre bankar.

Ja, Livet strøymer paa meg, som det strøynde,  
naar under Snjo eg saag det grøne Straa.  
Eg drøymer no, som fyrr eg alltid drøynde,  
naar slike Fjöll eg saag i lufta blaa.  
Eg gløymer Dagsens Strid, som fyrr eg gløynde,  
naar eg mot Kveld av Sol eit Glimt fekk sjaa.  
Eg finner vel eit Hus, som vil meg hysa,  
naar Soli heim til Notti vil meg lysa.

Og kvar ein Stein eg som ein Kjenning finner,  
for slik var den, eg flaug ikring som Gut.  
Som det var Kjempur, spyr eg, kven som vinner  
av den og denne andre haage Nut.  
Alt minner meg; det minner, og det minner,  
til Soli burt i Snjoen sloknar ut.  
Og inn i siste Svevn meg eingong huggar  
dei gamle Minne og dei gamle Skuggar.



*Borknepollen med det sogeumspunne fjellet Hornelen attum. Foto: Torfinn Torheim*

## Høgnorskgruppa på Facebook

Det er underleg å sjå kor mange nyovringar som kjem til på Internet for tidi. Det byrja i 2002 med blogging, so kom Wikipedia i 2004 og til slutt Youtube i 2006. Det neste som alle snakkar um er Facebook. På same måten som med vevloggen Målmannen-forum (<http://maalmannen.blogspot.com>) so freistar me attum Målmannen å hanga med so godt me kann. No hev me på Målmannen-forumet gjort upptak til eit eige høgnorsk forum, som kort og godt heiter "Høgnorsk". Vel møtt!

### I dette nummeret:

Lars Bjarne Marøy:	Jostein Krokvik er burte	s. 2
Olav Torheim:	Normalisert nynorsk må verta eit naturlegt val	s. 3
Olga Murie:	Å skyna seg på omsutsarbeid	s. 4
Kenneth Kiplesund:	Ny israelsk samskipnad: Boikott Noreg	s. 7
Jan Hårstad:	Når kjappfoten skal ut i verdi	s. 7
Lars Bjarne Marøy:	Hallgrim Berg og Amerikabrevet	s. 8
Lars Bjarne Marøy:	Riksstyret provoserte fram ambassadevald	s. 9
Olav Torheim:	Antiimperialistbladet Frontlinjer	s. 10
Lars-Toralf Storstrand:	Ei åndeleg (og praktisk) utmaning	s. 11
Thoralf Bergwitz:	Den baltiske gåta	s. 12
Olav Torheim:	Det nye partiet	s. 16

## Jostein Krokvik er burte

Av Lars Bjarne Marøy

Jostein Krokvik er død, 80 år gamal. Krokvik er med i bakgrunnssoga til at dette bladet kom til, difor tykkjer me det er grunn til å minnst Krokvik. Krokvik var forfattaren som vart høgnorskmann og vestmann midt på 1980-talet. Fram til då hadde han skrive på den offisielle nynorsken, men han skreiv eit godt puristisk nynorsk mål. I 1984 tok Krokvik kontakt med Vestmannalaget og la fram ein plan um eit blad på Aasen-mål eller som me gjerne kallar det i dag høgnorsk.

Vestmennene var ikkje av deim som utan vidare tok imot kven som helst som dei ikkje kjende, men for Krokvik sin part må godkjenningi ha kome snøgt, for det gjekk ikkje lang tid fyre stjørni i Vestmannalaget - med kvart i lag med andre studnadsspelarar - gjorde dei tildrivi som måtte til for at Krokvik kunde få bladet på fote.

Arbeidet var sers tungt. I dag hev me epost og andre hjelpeprogram som gjer det makeleg å setja upp eit blad. Heilt fram til år 2000 teikna Krokvik upp kvart nummer etter Cicero-mål. Han måtte òg for det meste skriva av alt som skulde inn i bladet. Berre skrivingi laut snøgt koma upp i 200 til 300 sidor kvart år. Attåt dette fekk Krokvik tid til å skriva bøker og hadde ein umfangnande privat korrespondanse med vener og samarbeidspartnarar. Han arbeidde òg idugt for å få tak i nye Vestmannendingarar og innkomekjeldor. Alt arbeidet, seinast i høg alder og innimillom harde sjukdomsbolkar, måtte røyna sers sterkt på. At han såg seg nøydd til å taka på seg bladstyrarandsvaret att i 2002 til 2003 må

ha vore i meste laget.

Det var lite hjelp å henta millom dei som skulde stå han nærast. Den fremste studnadspelaren Ludvig Jerdal hadde stødt noko nyskrive å leggja fram. Elles var det lite og skribentane måtte skaffast der det var råd og i sumtid laut det meste verta eigenprodusert. Men Krokvik klaga ikkje. Han gjekk som ei klokka og fekk bladet ut kvar einaste månad til same tid. Det einaste som kunde skipla ruta var då som no den sviktande postgangen.

I den fyrste tidi kunde Krokvik gleda seg yver å få positiv respons frå Norsk Målungdom som han lenge hadde store voner til. Sameleis fekk han sett inn råkande og merkande spark til den offisielle samnorskpolitikken. Diverre vart ikkje framskuven med Målungdomen varande, og det let til at språkrådsfantastane hev samla seg um ein midtstraumsnorsk som høgnorskvenner og vestmenn ikkje kann vera tente med. Soleis vart den siste tidi til Krokvik langt mindre framgangsrik og vonfull enn glanstidi frå 1985 og fram til slutten av 1990-talet.

Betre kann det ikkje ha vore då han dei seinast åri fekk sjå at bladet han hadde bygt upp vart stridsemne millom fraksjonar i Vestmannalaget. Gledone vart færre og framtidsutsiktene meir på det jamne. Men Krokvik gledde seg yver alle som vilde arbeida for målreisingi og på den måten hevja han seg yver den verste og mest meiningslause fraksjonskivingi.

Krokvik skreiv mange skjønnlitterære bøker. Frå 1985 vart det meir saktunge bøker, men den skjønnlitterære stilen braut

sumtid gjenom i desse bøkene med. Bøker som Mål og Vanmæle og biografien yver Jan Prahll kjem nok til å verta standande som forvitnelege og lærerike både for lek og lærd. I dei seinare åri vart det saktunge meir stridalt, og Krokvik nytta meir tid på lyrikken. Godhugen for lyrikken syntte att i Vestmannen med. Framsidediktet vart ein tradisjon som hev fylgt med oss inn i Målmannen. I leidarteigane hadde Krokvik mange gonger ei lyst til å nytta frisk språkbruk og sume ord hev vorte ståande som ei slags serlagning. Til dømes påprakka språkrådspåfynster og liknande. Dei mange stykki under løyndenamnet Jarl fortener elles å verta nemnde. Her tok han seg retteleg ut og viste seg som den språklærde mannen i gata eller på bygdi vilde han vel ha sagt sjølv.

Interessa for Aasen var stor og Krokvik hadde finlese dagbøkene til Aasen. Han henta råd um mål og målbruk hjå Aasen og hjå andre måldyrkarar, og målbar desse rådi saman med andre kunnige hjelpesmenner. Tiltrui til Aasen og idealimen kring måldyrkingi var so stor at jamvel sume målgranskarar ymta um religion og fanatisme, men det prella av, og bladet bar seg. Det er rett og slett for mange som er og vart glade i det norske målet til at det let seg stogga. Korleis det gjeng med Vestmannen frametter skal me vera dei siste til å spå um. Men me kann lova at for vår part, vil me halda fram arbeidet i von um at me held det beste i arven frå Krokvik i stand. Det norske målet fortener minst eitt blad som maktar det arbeidet.

## Normalisert nynorsk må verta eit naturlegt val

Av Olav Torheim

Nynorskbrukarar kann vera sers tverkne til korleis det stend til med målstoda i Noreg. Ei vanleg fyrestelling som mange hardnakka held fast på er at nynorsk einast skal vera eit skriftmål og at alle må snakka dialekten sin og det talemålet dei elles oppfattar som naturleg. Um nokon tek til ords for at nynorsk kann vera eit talemål med, er det vanlegt å møta dei med spursmål um dei ikkje hev fylgt med i norsktimen, um dei skjemst av dialekten sin som ikkje vil snakka slik det er naturleg for dei og um dei ikkje sjølve tykkjer dei knotar som vel å snakka nynorsk.

Tek du til ords for medviti talemålnormalisering millom andre

nynorskbrukarar vert det gjerne teke som eit åtak på deira dialekt og identitet. Tenk um alle skulde byrja å tala nynorsk normaltalemål, kva vilde henda med dialektmangfeldet? Kor trist og tragisk vert det ikkje når den normaliserte nynorsken hev utradert alle dei fine dialektane! Og her sluttar gjerne diskusjonen. At det faktisk er heilt hypotetisk at nynorsken skulde få ein so sterk posisjon i det norske samfundet at han kunde truga målføremengfeldet ser dei ikkje ut til å ha tenkt serleg på. Sjølv vilde eg sagt det var fantastisk um me kom so langt at nett det skulde verta eit problem. Det store fleirtalet kjem då alltid til å tala unormalisert, det

er berre dei mest medvitne og ressurssterke nynorskbrukarane som eventuelt kunde ha teke i bruk eit normalisert talemål.

Men dei same personane som ottast at medviti nynorsk talemålsnormalisering skal utradera målføri, reddast ikkje mykje for det massive presset mot målføri som me alt hev, frå tala og skrive bokmål. Då heiter det med ein gong at eit språk alltid utviklar seg, og at det er heilt naturleg at talemålet er i endring. Nokon djupare analyse av kva slags mekanismar som styrer desse språkendingane vil dei ikkje høyra noko um.

Men um ikkje nynorskbrukarane

sjølve ynskjer å analysere kva det er som gjeng fyre seg, so er det andre som hev gjort det for deim. For tvo år sidan vart det presentert ein rapport som - i motsetnad til det andre vil ha oss til å tru - slær fast at nynorskelevar er dårlegare i sitt eige hovudmål enn det bokmålelevane er. Det mest forvitnelege med rapporten er forskarane sin eigen hypotese um kvifor det er slik:

*I boken "Ungdommers skrivekompetanse" skriver Vagle at PISA ikke sitter på data som forklarer styrkeforskjellen mellom nynorsk- og bokmålelever. Hun omtaler imidlertid en hypotese som forskerne selv presenterte. Nemlig at forskjellen kan ha sammenheng med at det norske samfunnet blir mer og mer boksmåldominert. Videre at ungdommenes dialekter flere steder er i ferd med å utvannes og bli mer like bokmål, og at bokmålelevne trolig leser mye mer på sitt skriftspråk enn det nynorskelevne gjør.*

("Elever sliter med nynorsk", forbruker.no 23.06.05)

Det forskarane skildrar her er nett det som me i årevis hev kalla for "bokmålsveldet". Bokmålet er so dominerande at det i kraft av si eigi rådrike stoda legg premissane for korleis nynorskungdomane tenkjer um språk. Det vert "naturleg" å plukka upp bokmålsord frå radio og fjerrsjå, men framandt og rart å nytta dei sermerkt nynorske ordi, jamvel um dei vert nytta av deira eigne foreldre og besteforeldre. Dei som meiner at desse fyrestellingane ikkje kjem frå bokmålspåverknad må spurja seg kvifor det "unaturlege" i nynorsken alltid er det som skil seg frå bokmål. For dei formene som korresponderar med bokmål er aldri "unaturlege". Kvifor er det til dømes ingen sunnmøringar som tykkjer det er unaturlegt å skriva "jenter" og "gutar" når dei faktisk segjer "jente" og "guta"? Derimot tykkjer nynorskbrukarar flest at det er meir "naturleg" å segja "hovedstad" helder enn "hovudstad", jamvel um dei elles nyttar heilt andre målføreformar som "haud", "hugu" eller "håve". Det er bokmålsformene som pressar seg fram, og det er bokmålet som er det normdanande målet. Og slik kjem det til å vera so lenge det ikkje finst eit alternativt nynorskt talemålsideal.

Lat meg spela vidare på dette siste dømet: Når det på Sunnmøre heiter "haud", i Sunnhordland "hove", i Gudbrandsdalen "hugu" og på Austlandet

"hue", so kann alle desse formene først attende til den nynorske typeformi "hovud". Det nynorske normaltalemålet kunde soleides gjeva folk det språklege medvitet som trengst til å halda uppe det norske i målføri, og vera eit ryggstø til å stå i mot presset frå bokmål. Motstykkjet til eit slikt språkleg medvit er dei mange bokmålsbrukarane som gjerne segjer "hue", "haud" eller "hove", men som skriv "hode" og trur at det som er sermerkt med deira eige talemål berre er ein-språkleg kuriøsitet.

Men so langt tenkjer ikkje den stereotype nynorskbrukaren. For den stereotype nynorskbrukaren er ein som bur i ei bygd, talar sin "naturlege" dialekt og skriv ein "naturleg" nynorsk. Utyver det treng han ikkje å reflektera noko meir yver målstoda. Til oss som ikkje snakkar nokon serskild dialekt av di me hev budd mange stader i landet eller ikkje lenger hev noko nynorsknært målføre ikring oss, hev den stereotype nynorskbrukaren lite å tilby.

For utan normaltalemål kjem nynorsken til å halda fram med å vera ei bygdeovring, på stader der stødt færre bur. Tenk berre på den hjerneflukti det er med nynorskbrukarar som flytter ut og buset seg i storbyar som Oslo og Bergen. Finst det nokon realistisk strategi for at desse ikkje skal byrja å tala meir og meir bokmålsutvatna når dei aldri høyrer målføret ikring seg lenger? Og skal kvar og ein av dei nytta tid og krefter på å halda på sitt eige målføre i staden for at dei kunde gå saman um å nytta nynorsk både skriftleg og munnleg? Og kva med ungane til desse nynorskbrukarane, dei veks upp og lærer bymål/bokmål og so er dei tapt for nynorsken. Men for desse er det kanskje bokmål som er det "naturlege" målet å nytta? Slik tenkjer dei medvitslause nynorskbrukarane.

Det er lettare å nytta normalisert nynorsk i eit bymiljø av di du då hev ein fastsett normal å retta deg etter, og ein litteratur du kann lesa og læra av og soleis få øvt upp målkjensla. Skal du halda på dialekten din derimot, hev du berre deg sjølv å retta deg etter, og di eigi subjektive kjensla av kva som er "naturleg" (som um det ikkje finst mekanismar som formar desse fyrestellingane). Det vanlege i andre land er at ein plukkar upp nye ord og segjemåtar med kvart som ein ser dei i bruk i litteraturen og i kringværet rundt seg. Og slik er det i Noreg med, det er berre millom nynorskbrukarar at dette må skje medvitslaust og "naturleg" for at det skal verta godteke.

## Målmannen

**Utgjevar:**  
Samorganet Målmannen

**Tilskrift:**  
Målmannen  
Natland stud. by S136  
5081 Bergen

**Bladstyrar:**  
**Olav Torheim**  
olaveth@start.no  
Tlf 55 28 23 70  
Mobil 99 15 64 28

**Netstad:**  
<http://maalmannen.sambandet.no>

Bladpengar kr 150,-

Bankgiro 2291 14 45666

*Målmannen fylgjer redaktørplakaten.*

Nynorsken hev vorte assosiert med bygdesamfundet, det samfundet mange av oss fyrr eller seinare reiser frå. Og når ein kjem seg upp og fram, vert det venta at ein skal knota bokmål. Nett difor er normaltalemål so viktugt. Kvar gong "folk som vert noko" vågar å nytta det sermerkt nynorske målet, vågar å markera seg som nynorskbrukarar på nye felt, so vinn me ein siger. Då markerar me at me ikkje gjev oss inn under bokmålsidealet, men hev vårt eige ideal for korleis me vil tala og skriva.

Gjeng eg inn i ein skobutikk i Oslo, so nyttar eg ordet "storleik". Slik skynar folk at nynorsk finst, og ikkje berre er teksting på NRK, sidemål og Hårek.

Eller kva med å byrja med noko so einfelt som å kalla landet vårt med det rette namnet, Noreg? Det er ei klår og greid markering med berre eitt lite ord, men berre det er vandsleg nok for mange nynorskbrukarar, for då kjem dei ikkje frå at dei sjølve hev teke parti for nynorsken, og ikkje berre nytta den formi som fell "naturleg" for dei. Det er mykje lettare å segja at ein ikkje segjer "storleik", "Noreg" og andre norske ord av di ein held seg til "dialekten" sin enn å medgjeva at ein eigenleg skjemst yver å vera nynorskbrukar. Kva segjer du?

## Å skyna seg på omsutsarbeid

Av Olga Murie

*Olga Murie er mastergradsstudent i sjukepleievitenskap. Frå fyrr av hev ho meir enn tjuge års arbeidsrøynsla som intensivsjukepleiar.*

### Det gode møtet

"Skal me aldri møtast att,?" sa ein gamal mannleg pasient til meg i det eg trilla senga han låg i ut frå oppvavningsdeilda. Han hadde lege der nokre timar etter eit kirurgisk inngrep, der eg som var sjukepleiar hadde overvaka honom og gjeve honom omsut. Det var då det verkeleg gjekk opp for meg kor viktige dei er, dei møta me sjukepleiarane hev med pasientane våre.

Kari Martinsen seier at omsut er eit relasjonelt omgrep som skildrar det eine mennesket sitt svar på den andre si hjelpeløysa (Martinsen, 1989). Eg visste at eg som var sjukepleiar hadde gjeve denne mannen eit godt motsvar på den vona og dei ventnadene han hadde om å verta teken godt vare på som menneske og som pasient. Me hadde havt eit godt møte, og dei gode kjenslene som vart skapte i relasjonen tok me med oss vidare i liva våre. Ei fin historie om den perfekte sjukepleiar som skapar kjærleg omsut og gode pasientoppleingar? Ja, kan eg svare, men slik er det slett ikkje alltid. Slik eg ser det er det viktigaste for å skape det gode møtet der pasienten si livsglede og von kan få vekse og få næring at sjukepleiaren verkeleg gjeng inn i relasjonen med audmjuk vurdning for det andre mennesket og samstundes brukar det faglege "skjønnet" sitt på ein moralsk måte. Mi oppleving er at dei stutte intense møta kan vere like viktige som mange dagar i eit menneske sitt liv. Det viktige er ikkje berre kvantiteten på sjukepleie, kor mykje ein maktar å prestere for ein pasient, men korleis pasienten opplever å verte møtt som menneske med, korleis menneskeverdet hans vert teke vare på og styrkt i vandslege livssituasjonar. Slik eg ser det vert den heilskaplege omsuta berre ein klisje om sjukepleiaren ikkje evnar eller radt let vere å gå inn i relasjonen på ein slik måte at den ekte omsuta fær verka.

Er det råd for sjukepleiaren å skape det gode møtet som krev at ein gløymer seg sjølv og søkjer etter å finne kva som er til pasienten sitt beste? Korleis bruke det "faglege skjønnet" i relasjonen slik at ein styrer blikket og dei hine sansane på ein moralsk måte? I dette essayet vil eg freiste å svare på desse spørsmåla gjennom refleksjon og dryfting av omsut i høve til relevant

litteratur og eiga sjukepleiarøynsla. Mannet til pasienten som eg syner til er brigda frå det verkelege.

### Sjukepleie-pasientrelasjonen: omsuta sitt atelier.

*"Korleis gjeng det med gutane dine?"*

Det var vandsleg for Helena å få fram orda so stuttputa ho var. Ho hadde langtkomen kols, og vart stødt oftare innlagd på sjukehuset for å verta stelt med. Ho verka alltid overstrøymande glad over å møte meg, og viste interesse for korleis eg hadde det i mitt eige liv. Slik var ho med alle pleiarane. Eg laut spørje henne ein gong korleis ho greidde å tenkje slik på andre når ho var so sjuk. Det var ein måte ho hadde lært seg å vere på, sa ho, for på den måten fekk ho so mykje attende. Det er mange år sidan Helena døydde, men minnet om henne lever vidare millom anna i sinnbileta mine om korleis ho kom meg i møte.

Omsutsituasjonar som sjukepleiarane gjeng inn i gjennom arbeidsdagen er slumpesame møte på reisa gjennom livet. Det er situasjonar der sjukepleiarar og pasientar møtest, der ein er nær einannan i tid og rom og der åtgjerder og relasjonar kjem til å påverke livet vidare. Martinsen (2005 a) seier at omsut er å knyta band, at relasjonar og det å stø seg til andre er grunnleggjande i menneska sine liv. Ho syner til Løgstrup som hevdar at å vere avhengig av andre er ei kjensgjerning som fører til ei etisk oppmoding om å ta vare på den andre. Løgstrup (1956/ 1991) hevdar at livet er gjeve oss som ei gåve og at me er heilt avhengige av andre for å leve og utvikle oss. Han seier at ut frå skapingstanken er livet strukturert for å ta imot den andre. Løgstrup skriv at livsytringane; slikt som tillit, open tale, von og miskunn, er uttrykksformer for kjærleik og omsut. Desse livsytringane vert aktiverte i dei menneskelege relasjonane med ein appell om å ta vare på den andre. Dei er tause, men alltid nærverande.

Helena hadde lært seg ein måte å møte pleiarane på som gav henne meir omsut attende. Ho hadde oppdaga at om ho gjekk pleiarane i møte med å vere open, med å vise interesse for deira ve og vel, taka imot deira appell om å verte teke imot, so var det ho som la føringar for at det vart eit godt møte. Slik eg ser og opplever det gjeng appellen om å verte teken i mot bae vegar i relasjonen millom sjukepleiar og pasient. Likevel møtest ein på ulike skilord (vilkår).

Sjukepleiaren skal hjelpe eit menneske som treng stell og omsut, pasienten skal møte eit menneske som hev kompetanse til å yte denne hjelpa. Kierkegaard skriv svært råkande om løyndomen i hjelpekunsten når han peikar på at ein må møta mennesket der det er, og ta til der om ein skal kunne gje va hjelp (Martinsen, 2005a, s40). Sjukepleieprosessstenkjinga legg opp til at ein skal kartleggje kva det er pasientane treng. Alt skal ein vite og få fram i ljuset slik at det kan dokumenterast og den heilskaplege sjukepleien kan setjast i verk. Eksaminasjon og vedkjenning er velkjende teknikkar for å finne "sanninga" om pasienten. Visst må me få fram viktig informasjon frå pasienten for å vite korleis me kan bruke fagkunnskapen vår. Me må vite "kvar han er". Det er her fenomenologien kan hjelpe oss. Martinsen skriv at "*fenomenologiens budskap er å få troen tilbake på det vi ser og opplever, og ikke i blind tro bøye oss for autoritetene*" (Martinsen, 2003a, s 24). Kunsten i sjukepleien slik eg ser det er å sameine det "ontologiske" møtet med det "teknologiske". Å finne pasienten der han er skjer på det ontologiske planet. Der møter me honom som menneske og ikkje berre som individ. På det teknologiske planet møter me pasienten i den medisinske verda med hjelpetilbod og teknologiske hjelperåder. Etter mitt syn må bae desse plana integrerast i relasjonen om det skal vere snakk om "heilskapleg" omsut i ordet si rette tyding. Benner (1995) skildrar den faglege utviklinga åt sjukepleiaren frå "novise" til "ekspert". Kor snøgt ein vert ekspert kan variere, og sume kjem etter mi meining aldri so langt. Ekspertsjukepleiaren er faglege og teknisk dugande, engasjert i pasienten og brukar sansane sine i det konkrete stellet. Han evnar å sjå mennesket attom det tekniske utstyret og det medisinske arbeidet.

Benner og Wrubel (1989) skriv at å vere i verda er meir fundamentalt enn kunnskap om denne verda. Slik eg ser det ut

## Høgnorsk

Målet som ikkje vil døy:

<http://sambandet.no/ordlista>  
<http://sambandet.no/grammatikk>

frå praksis er det ein innbyrdes påverknad millom det ontologiske og det epistemologiske som er vilkår for den gode omsuta. "Omsutsbrua" er staden der det gode møtet kan haldast. Det er brua mellom to ulike "livsverder". Benner og Wrubel som byggjer omsutsteorien sin på Heidegger sin filosofi, seier at omsut er ein måte å vere i verda på. Det krev at me møtest som likeverdige menneske - pasienten min og eg. Likeverdige i den tydinga at både to møtest med med vurdning for einannan. Me som er sjukepleiarar skal handle til den andre sitt beste. Det er sjukepleiaren som lyt take andsvaret for å gå fyrst inn på brua, leggje til rettes for at livsytringane kan få fritt spelerom. I dei konkrete situasjonane kjenner me at livsytringane som Løgstrup talar om er levande (Løgstrup, 1956/1991). Me røyner at om me er stille og gjev rom for pasienten til å fortelje saga si so fær me sleppa inn i ei onnor livsverd med sine sereigne uttrykk og unike bilete.

Skjervheim var svært oppteken av at ein må skyna at eit medmenneske er eit menneske som skynar seg sjølv. Aarnes seier om Skjervheim at han var *"en venn av den annens tanke"* (Skjervheim, 1976). Eit mål for den dugande sjukepleiaren må vere å verta ven med pasienten si livssoga. Lat pasienten få tid og rom til vere noko for sjukepleiaren slik at møtet vert ein god stad og pasienten sitt rette uttrykk kan kome fram. Martinsen (2003a, s 95) seier at når vitenskapskulturen stend som autoritet, vert ikkje mennesket, men individet, sett i sentrum. Skjervheim (1976, s 190) skriv at *"teoriar om mennesket er sjølv eit konstituerande moment i det mennesket er. Det er ikkje uvesentleg for eit menneske kva teoriar det får "innskrive" i medvitet"*. Ut frå Skjervheim vil synet ein har på mennesket vere avgjerande for korleis ein som sjukepleiar møter og forstår den andre.

Det var lett for alle å vere pleiar for Helena - som kom oss i møte. Ho sette tone og farge på møtet med ein gong med di ho brydde seg om oss. Å vere sjukepleiar steller ofte vanskelege krav der ein skal gå inn i ulike relasjonar; pasientar som brått fær ein livstrugande sjukdom, hev råka ut for ei ålvorleg ulukke, menneske på slutten av livet, pasientar med kroniske sjukdomar og so bortetter. Sjukepleiaren er "kalla" til å gå inn i møtet. Kall tyder å vere engasjert. Skjervheim (1976) seier at me kan ikkje velje å vere engasjert. I og med at me er i verda er me alt engasjert, i det eine eller hitt. For oss sjukepleiarane gjeld det at me hev det rette engasjementet, at pasientane og deira beste er i fokus. Det er ikkje

sjølv sagt. Foucault (2001) skriv om korleis mennesket sjølvdisiplinerar seg. I relasjonen millom pasient og sjukepleiar kan det skapast rom for fantasi og nyskaping der det høyrer med at ein handlar til pasienten sitt beste. Martinsen (2003b, s 68-71) forklarar Foucault slik at han talar om det moralske arbeidet mennesket gjer på seg sjølv for å forme livet sitt.

Er det slik at sjukepleiaren som gjev pasienten omsut samstundes driv sjølvomsut? Vår eigen fridom vert sett på spel i relasjonen om me skal tenkje med Foucault. Relasjonen kan verte ein stad for sjølvransaking og kritisk sjølvrefleksjon for sjukepleiaren. Å våge å gå inn i dei vanskelege møta krev "parrhesia"-frimod som ein oppnår med aktiv sjølvdisiplinering, slik eg forstår Foucault. *"Befries fra os selv kan vi kun af vår næste"*, seier Løgstrup (Martinsen, 2003a, s 12). I praksisfeltet opplever eg at dette stemmer. Det er dei modige, sjølvkritiske og reflekterande sjukepleiarane som er nærverande hjå pasientane og som sterkast talar deira sak. Dei maktar å gå inn i relasjonar der pasientane er avvisande, der det kan ta tid å få livsytringane aktive, der dei verkeleg må sjølvdisiplinere seg for å vere til stades. Dei er ekspertjukepleiarar som Benner kallar dei. Desse sjukepleiarane gløymer seg sjølve i relasjonen og hev blikket retta mot den andre på ein slik måte at der vert rom for kjærleik og ekte omsut.

### Å "skyne" omsut

I møtet med pasienten gjev han inntrykk på meg. Pasienten sitt uttrykk, som vert mitt inntrykk, skal tydast. Martinsen (2003a) påstår at slik livet er grunnleggjande moralsk, er sjukepleien moralsk. Ho seier vidare at moral og tyding er eitt. Tyding vert dimed grunnleggjande i sjukepleien ut frå Martinsen si tenkjing. Ho syner til Løgstrup og seier at tyding inneheld ein etikk om å ta vare på og vise det skapte menneske sin ukrenkjande verdi i ulike menneskelege relasjonar.

*"Den enkelte har aldrig med et andet menneske at gøre uden at han holder noget af dets liv i sin hånd"*, seier Løgstrup (1956/1991, s 25). Korleis kan eg, sjukepleiaren, bruke det faglege skjønnnet for best mogeleg å tyde ut det uttrykket pasienten legg i mi hand og som eg skal ta vare på? Det handlar fyrst og fremst om å sjå og å forstå. Korleis styrer eg blikket mitt, og kva fokuserar eg på? Når det er noko eg ser, vil det vere noko anna eg ikkje ser eller overser. Det kliniske blikket i skjønnnet er etter mi meining å sjå og forstå, der ein

## Islendsk fagmål

Målmannen hev vore i samband med geolog Gunnar Juve, lesar av Målmannen og professor emeritus ved Naturhistorisk Museum i Oslo. Um det norrøne frendefolket vårt på Island kann Juve millom anna fortelja at islendiske vitskapsfolk hev ytt eit sterkt tilskot til geologifaget, noko som hev si naturlege forklaring med di Island er eit ungt landskap som ligg midt på ei sprikka i atlanterhavstryggen. På lag 15 millionar år hev det teke å skapa heile øyi, og den store sprikka gjeng tvers yver landet, som på Tingvellir.

Millom islendiske ord som hev kome inn i det internasjonale fagspråket nemner Juve ordi jøkullap - isgang frå ein jøkul - og Surtseyan - som er ein eigen fase av vulkanisme. Upphavet til det siste er oppkoma av den nye øyi Surtsey på 1960-talet.

## Sivle eller Vinje

Jørgen Vogt frå Oslo hev merkt seg diktet "A. O. Vinje, du friske, sterke skald" av Anders Underdal, som stod på prent i fyrre nummer av Målmannen. Vogt undrast på um ikkje Underdal kann ha blanda saman A. O. Vinje og Per Sivle. Til dømes heiter det i hyllingsdiktet til Vinje at "[d]u kom med lerkelåt og tru ein vårdag etter natt", men den som skreiv um Vesle-lerka, det var Per Sivle. På same måten heiter det at "ingen song so varmt um mor som du med dine kvad". Men her med er det Per Sivle som fyrst og fremst hev merkt seg ut med dikt som "Den fyrste song" og "Gøym meg, mor" (Diktet til Underdal er prenta i eit heidersskrift for A. O. Vinje, so diktet er i alle fall retta til Vinje. Red.).

**Dvergemalet**

brukar alle sansar, fagkunnskapen sin og røyningane sine for å innstille blikket. Det er her noko av sjukepleiekunsten ligg; å stille inn blikket på ein etisk god måte.

Det "gode blikket" brukar ein når ein vil den andre vel. Martinsen seier at merksemd er ein utskiljingsprosess der noko vert tillagt serleg vekt i høve til noko anna, ho rømer ein konsentrasjon i tid og rom, ein intens nærleik, ei skjerp oppfatning av situasjonen som samstundes verkar attende på personen med fortetta bilete av smerte, lidning og livsvon (Martinsen, 2005b, s 261). Slik eg ser og røyner det må ein ha tolmod og tid til sanseleg nærleik for å forstå andre. Den miskunnsame samaritan hev vore eit føreskrive ideal for godt sjukepleiararbeid. Det gode blikket ser alltid etter lidninga hjå pasienten ut frå perspektivet om nestekjærleik og å vilje den andre vel.

Det "vonde blikket" er blikket som ser, men let vere å gjere noko. Ein dreg seg undan og fokuserar på noko anna. Ein hev ikkje tid eller vert oppteken av å fylgje prinsipp og reglar. "Moralisme er å være bundet av regler mer enn av mennesker", skriv Martinsen (2003a, s 71). Lidninga sitt motsvar vert ikkje god omsut, men kanskje endå meir lidning. Pasienten sitt menneskeverd stend i fære for å verte trakka på, og målet om heilskapleg omsut er langt undan. Pasienten vert objektivert, og det unike, serskilde mennesket ser ein ikkje. Reguleringa av mennesket som pasient kan overskride det private rommet pasienten hev kring livet sitt og som han freistar å verne. Sjukepleiaren kan utnytte makta i relasjonen til kontroll og herredøme.

Det "likesæle blikket" er blikket der ein ikkje ser. Engasjementet åt sjukepleiaren er ikkje hjå pasienten, men hjå ein sjølv. Jung skal ha sagt at når me ikkje ser, og ikkje er medvitne om vår eigen "skugge", so kan me tilskrive honom nokon andre. Egoisme og krenkjing av menneskeverdet er ikkje til å kome undan.

Martinsen (2003a) seier at i skjønnnet dominerar den praktiske kunnskapen. Det er eg samd i. Det eg undrar meg litt over er korleis mange sjukepleieteoretikarar skil millom dei ulike kunnskapsformene. Slik eg ser det er det mykje fagkunnskap i den praktiske kunnskapen. Me lever sanseleg i verda. Martinsen (2003a, s146) seier at det er på sansinga sine vilkår me skynar noko. Korleis me oppfattar det me sansar, vert likevel påverka av dei medisinske fagkunnskapane våre. Ekspertsjukepleiaren, slik Benner (1995) definerar henne, er nett den sjukepleiaren som hev integrert det praktisk-tekniske og det sanse-

leg-tolkande i praksisrøyningane sine. Ut frå mi eiga røyning trur eg det stemmer. Ekspertsjukepleiaren brukar det kliniske skjønnnet til å styre blikket ut frå kunnskap, sanseleg etikk og estetikk. Berre då er det råd å gjere pasienten best mogeleg mottakeleg for lækjedom, slik Nightingale (Sydnes, 2001) meinte var det primære.

"Skal me aldri møtast att?" Andletet er borte, men eg høyrer røysta hans enno. Tonen i røysta røyvde meg. Martinsen (2003a, s 125) seier at føresetnaden for å forstå og røyne er å verte røyvd. Me vert røyvde av tonefallet i den andre sitt ord. Tonen i samtalen er viktig for å skape rom til å "skyna" i. Martinsen (2005b, s 262) seier at tonen gjev form til det sanselege sinnbiletet, og at tonen spelar ei avgjerande rolle for den andre si forståing. Kroppen vil melde seg til den andre ut frå ein tone eller ei stemning. Mi røyning er at tonen og samtala er viktige element i det faglege skjønnnet. I rommet for å "skyna" må der vere plass for undring og refleksjon, ein må både sjå og lyde der saka er pasienten og tilstandet hans. Martinsen (2005a) seier at det må vere eit rømeleg språk i skjønnnet. Ein må ha rom for tankearbeidet slik at skjønnnet vert opplyst. Det er eg samd med henne i.

Kor godt ein meistarar å "skyna" fær ein aldri vite for visst. I ettertid kan me innsjå at me bruka for dårleg skjønn i sume høve. Sumtid sannar me mistaka våre. Sjølvransaking kan hjelpe oss til å byggje opp det faglege skjønnnet. Pålshaugen (2005, s 61) tolkar Foucault der han tek opp sjølvdisiplinering og kritisk sjølvrefleksjon. Føremålet med slik sjølvransaking er ikkje å felle dom over kor god eller dårleg ein er eller å gjere opp status. Sjølvransaking er ein lekk i ein livspraksis der ein vurderar om ein i konkrete stoder hev handla, tala, tenkt og reagert på måtar som er rette for ein sjølv - og der ein legg vinn på å fare fram annleis og betre ved neste høve. Foucault ser her på livet som eit livsprosjekt der ein syner omsut for seg sjølv i møte med livet. Kan det vere slik at møtet med pasienten sin appell om å verte sedd og teken vare på, samstundes er eit møte med ein sjølv der skjønnnet hjelper ein til å vurdere korleis ein skal handle - slik at det vert ein arena for eit eige fridomsprosjekt?

### Avslutning

I praksis kjem me ikkje utanom møtet med pasientane og det sjukepleiefaglege skjønnnet. Å handle til den andre sitt beste er ikkje sjølv sagt. Vitskapen og den egosentriske kulturen vår trugar med å trengje bort den gode menneskelege omsuta som er

berande i faget. "Lad aldrig ånden i sykepleien ofres på teknikkens alter", sa diakonisse Friedrike Flidner for over hundre år sidan. (Birkelund, 2001). Orda hennar er verd å take fram. Den medisinske vitskapen er viktig i sjukepleien, men kan ikkje verte altomfemnande. Å "skyne" omsut er ei visdomskunst der ein stødt må spørje både seg sjølv og andre om ein gjer det rette. Mi meining er at det faglege skjønnnet ikkje kan forskast fram. Ein utviklar det i møtet med pasientane og andre sjukepleiarar, gjennom den faglege diskursen og i dei ærlege møta med seg sjølv. Ein kjem alltid til å spegle seg sjølv i andre, og få svar om ein er ærleg undrande. For meg var det både frigjerande og tankevekkjande då den gamle mannen takka meg for godt stell med orda: "Skal me aldri møtast att?"

### Referanseliste

- Benner, P 1995: Fra novice til ekspert, Munksgaard, Viborg.
- Benner, P& Wrubel, J 1989: The primacy of caring. Stress and coping in health and illness. Menlo Park: Addison-Wesley Publ.Comp.
- Birkelund, R 2001: Omsorg- kall- kamp, København: Munksgaard.
- Foucault, M 2001: Seksualitetens historie 2, Oslo: Pax Exil.
- Løgstrup, KE 1956/1991: Den etiske fordring, Gyldendal, København.
- Martinsen, K 1989: Omsorg, Sykepleie, Medisin. Oslo: Tano.
- Martinsen, K 2003a: Fra Marx til Løgstrup. Oslo: Universitetsforlaget.
- Martinsen, K 2003b: Disiplin og rommelighet i Martinsen, Wyller (red) Etikk ,disiplin og dannelselse, Oslo: Gyldendal.
- Martinsen, K 2005a: Samtalen, skjønnnet og evidensen, Akribe, Oslo.
- Martinsen, K 2005b: Sårbarheten og omveiene, Løgstrup og sykepleien. I Bøwath, Sørensen, Bugge (red) Løgstrups mange ansikter. Fredriksberg: Anis forlag.
- Pålshaugen, Ø 2005: Den sene Foucault- til senere bruk?- frimodige betraktninger. I *Sosiologi i dag. Foucault i dag*, Novus forlag, Oslo.
- Skjervheim, H 1976/1996: Deltakar og tilskodar og andre essay, Oslo: Aschehoug
- Sydnes, T 2001: Centrale ideer i Florence Nightingales sykepleiefilosofi i Birkelund R (red). Omsorg- kall -kamp, København: Munksgaard.

## Ny israelsk samskipnad: Boikott Noreg

Av Kenneth Kiplesund

Noreg si godkjenning av Hamas-regjeringi hev fenge begeret til å renna yver for sume israelarar. No hev nokon skipa organisasjonen "Boikott Noreg".

I ein kommentar til avisa Norge Idag fortel israelaren Shifra Hoffman at dei vonar rørsla deira vert verdsomspennande. Hoffman og fylgjet hennar hev millom anna lagt ut underskriftslistor der folk kann skriva under på fylgjande fråsegn:

«Som reaksjon på den norske regjeringens beslutning om å finansiere den arabiske terroristorganisasjonen Hamas, som er

ansvarlig for å ha drept og såret tusenvis av uskyldige israelske menn, kvinner og barn, forplikter jeg meg på denne måten til ikke å kjøpe noen produkter fra Norge og ikke å reise til Norge».

(Kjelda: Norge Idag, 19.04.2007)

Det undrar meg eigenleg at at noko slikt ikkje hev kome tidlegare. Som til dømes då Noreg dreiv og "flørta" med terroristen Arafat. Eg hev nær sagt venta på at me skulde få eit sovore tiltak som dette. Det er mest ikkje anna å venta: Gerd-Liv Valla tek til ords for boikott av Israel, eit norsk regjeringsparti gjer det

same, Noreg gjev studnad til ei regjering som inneheld element som ynskjer Israel burt frå kartet, karikaturteikningar i norske avisor jamfører den israelske statsministeren Ehud Olmert med nazi-kommandanten Amon Goeth i "Schindlers liste" osv. Eg skynar godt at sume israelarar byrjar å få nok av det norske huglaget.

Kanskje kann dette tiltaket få norske politikarar til å vakna upp? Men når saki er Israel, er det kanskje for mykje å venta noko slikt?

## Når kjappfoten skal ut i verdi

Av Jan Hårstad

Sten Inge Jørgensen  
Vesten mister grepet  
Kagge Forlag 2007

Ein ung kar på 37 år, Sten Inge Jørgensen, hev skriva ei bok um korleides han trur verdi ser ut og korleis han trur ho kann verta betre. Boki heiter "Vesten mister grepet" og er gjevi ut på Kagge Forlag. Jørgensen er utanriksjournalist i Morgenbladet.

Boki tek fyre seg nær sagt alt av det som gjeng fyre seg i verdi og fyk ikring henne på langt stuttare tid enn 80 dagar. Her handlar det um alt: Dei sameinte nasjonane, WTO, Verdsbanken, Kina, globalisering, miljø, G8, Midausten etc. Heilt openbert er det slik at forfattaren hev ein autentisk pasjon for politikk, og det er noko me ynskjer velkome. Og like openbert er det at Jørgensen meir er typen på ein journalist enn på ein politisk tenkjar. Ludwig Wittgenstein jamførde tenkjing med det å symja nedetter i vatnet; di djupare ein kjem, di låkare vert det. For å verta verande i dette biletet er Jørgensen ein symjar som nyttar teknikkar av ymist slag, men som definitivt held seg i vasskorpa.

I boki klarar forfattaren å lansera alle vandumål og konfliktspursmål som finst i verdi i dag, men so snart han hev gjort det, tek han ein butterfly til eit nytt vandumål. Her hev me då ei blanding av eit skarpt auga og tradisjonell norsk naivisme som boki er rik på. Når det gjeld Kina sin utanrikspolitikk kauper han det offisielle reklameskiltet utan å blunka,



ingen problem.

Um Bilderberg-samkomone heiter det at "*media bare kan spekulere i hva som diskuteres*". Jørgensen hev ikkje fenge med seg at det finst eit titals internasjonale journalistar som snaudt gjer noko anna enn å skriva bøker og artiklar um Bilderberg-konferansane - som den norske elite jamnleg er innum.

Når det gjeld u-landi set han si lit til at ein større og mektigare millomklasse "*på sikt kan bli sterke nok til å bygge mer rettferdige samfunnsdannelser*".

I åri fyre den fyrste heimskrigen utvikla paven i det som då var den sosialistiske verdsrørsla, Karl Kautsky, ein teori um det han kalla superimperialismen. Han gjekk ut på at dei ulike nasjonale økonomiane kom til å veksa

inn i kvarandre i ulike former for bindingar og symbiosar som med hjelp frå yvernasjonale institusjonar skulde føra fram til fred. Det aller meste som vert skriva um internasjonal politikk i Noreg i dag er ei lengjing av dette. Slik landstrykarane i Becketts Vente på Godot speidar etter den store Godot, slik leitar Jørgensen etter dei intelligente og reinsa institusjonane som skal taka leidingi yver ei meir turbulent verd og påleggja henne mat, vatn, demokrati og sivilisasjon. Tankegangen heng ihop med den om U-landsmillomklassen som rettfærdsbyggjar.

Etter å ha lese boki sit eg att med ei kjensla av at den unge Jørgensen er hamna i ei klassisk eksistensiell stoda der han må gjera eit val. Han kann halda fram å plaska ikring i vasskorpa og levera frå seg namn, statistikk, tal og geografi i eit høgt tempo, og gjer han det, er det inkje som hindrar honom frå å taka yver utanriksredaktørjobben i Aftenposten etter Nils Morten Udgaard. Eller han kann velja å gjeva ut nye bøker som ikkje skriv um alt, men som skriv um Kina sin utanrikspolitikk på ålvor eller Bilderberggruppa på ålvor, og han kjem til å oppdaga kor kaldt det er når du sym nedetter i vatnet. Og det er faktisk fårleg med.

Sank ein tingar til  
**Målmannen!**

# Hallgrim Berg og Amerikabrevet

Av Lars Bjarne Marøy

Hallgrim Berg var for stutt tid sidan ute med ei samling islamkritiske tekster. Denne boki vekte straks åtgaum og Berg kom med i ei rad ordskifteprogram på fjernsynet. Dei fleste nordmennene som hev vore kritiske til islam hev vorte sette i bås, men det er ikkje like lett med Hallgrim Berg. Frp-arane er gjennom tvo tiår vortne karrikerte som innvandrarfiendslege og framandfiendslege. Dei som hev vore endå meir kritiske hev vorte knytte opp til nazistiske kringvære. Resten av politikarane som vil plassera seg på høgresida hev vore redde for å trakka dei politiske korrekte journalistane på tærne. Fåren for å verta uthengd som tvilsam innvandrarmotstandar er stor når etterrøkjingar syner at 75 prosent av journalistane høyrer heime på vinstresida i norsk politikk.

Berg er ingen lettvektar - han hev sete på Stortinget i åravis og hev vore med i Europarådet. Han vart rekna som ein representant for bunadshøgre då han var på sitt meste markerte som politkar på 1980-talet. Det var på den tidi då ein høgrepolitkar arbeidde meir ihuga for nynorsken enn mange andre politikarar hev gjort både fyrr og seinare. Serleg hadde Berg nynorsk på pengesetlane og myntane som ei fanesak.

Berg hev dessutan lenge vore ein kritkar av islamske krefter som vil gjera islam til dominerande religion i Europa. Alt på 1990-talet uttala han seg kvasst imot å leggja tilhøvi til rettes for noko slikt. Han dukka fram att og vart kjend som islamkritkar då Oriana Fallaci drog utsegnene hans frå 1990-talet framatt i ei av bøkene ho skreiv etter sjølv-mordsåtaki i USA. Fallaci skrytte uhemja av Berg som ein uredd forsvarar av den kristne europeiske tradisjonen.

No er Berg sjølv ute som bokskribent. Berg tek utangspunkt i ein umfemnande islamkritisk litteratur. Etter 2001 hev det visseleg kome eit ras av slike bøker. Det er bøker av folk som hev vore muslimar og som hev vorte kristne. Det er bøker av fagfolk som gjeng inn på islam frå historiske eller religionsfaglege innfallsvinklar. Eller det er bøker frå folk som vil fremja politisk kritikk ved ulike sidor av islam.

Berg ser fyre seg den islamske reaksjonen mot vesten som noko som tok til på 1970-talet. Då vilde dei arabiske landi få til eit samarbeid med vesten når

det galdt å fremja islams status i Europa. Dei arabiske landi pressa fram eit oljekartell, og med oljekrisa midt på 1970-talet vart det klårt for alle at dei arabiske landi ikkje lenger kunde utnyttast som billege råvareleverandørar. Dei vilde ha full pris og gjennom ymse politiske fora vart det lagt grunnlag for å gjeva eit mest eintydelegt positivt bilete av islam som religion.

Berg avviser at det her er snakk um nokon konspirasjon. Det er ope press frå dei arabiske landi og passivitet frå dei europeiske landi som hev gjort at vesten lenge hev late vera å sjå alle dei kritiske sidone som kann og bør understrekast når det gjeld islam.

Etter 2001 er det eit land som hev innsett kva som må til for å verja dei kristne, humanistiske og demokratiske verdiane som me er byrge av, og det er USA. Berg er sers vryk av USA, og han ser på sambandet millom Europa og USA som ubrytande dersom ein skal halda fram med å tru på og verna um dei verdiane me alle er glade i. USA er eit land der folk er arbeidsame, rike på tildriv, ikkje redde for å verja seg militært og i stand til å taka ordskifte som det er tabu å taka i Europa.

Europearane må læra av amerikanarane og halda uppe sambandet med deim. Trugsmålet frå islam er mangesidugt. Oljevåpenet, innvandring, sterk vektleggjing av barnefødsalar som våpen mot barnefatige europearar, sjølv-mords-bombeåtak og trugsmål um åtak med massedråpsvåpen av kjemisk og biologisk slag. Dessutan krav um byggjing av moskear og etablering av moskeforsamlingar og aller helst frå sume krav um innføring av islamsk lov.

Vestlege og austlege verdjar kolliderar òg når det gjeld syn på religiøse avvik og jamstelling millom kyni. Og ikkje minst når det gjeld synet på rett til å skifta religion. Det hev vore tala mykje um Jehovas vitne og den sekteiske praksisen der. Dei som fell utanfor vert utstøytte frå familie og vener. Det same skjer med muslimane, men her kann det jamvel vera tala um æresdråp i mange høve. Ayaan Hirsi Ali er ei av dei som hev upplivt korleis det kjennest å vera nøydd til å flykta frå huslyden sin og skapa seg eit nytt tilvære. Det var ikkje nokor lett oppgåva og Berg hev den største vrydnaden for henne.

Kort og godt er det fundamentale skilnader i verdisyn millom kristne og muslimar. Til dømes gjev me kristne løyve til at det vert bygde moskear, medan muslimane på det jamne aldri godtek nybyggjing av kyrkjor. Det vert tala mykje um krosstogi, men lite um den religiøse nedknusingi som islam stod for i hundreåri fyreåt. Den skampletten vil nok muslimane ikkje kjennast ved som noko anna enn ein siger yver dei vantru.

Berg er politikaren som ser korleis einskilde politiske saker gjeng saman til ein heilskap. Han understrekar at det er viktig å taka vare på tradisjonelle familieverdiar, nøgsemd, hardt arbeid og liknande. Soleis gjeng han inn i ein solid verdikonservativ tradisjon, og det er vandt å segja seg usamd med honom.

Berg er innum dei mange norske familiane som på ein eller annan måte hev familierøter yver til USA. Det er takksemd som burde fylla mange nordmenn for at brør og systre av vore forfe-drar fekk koma til eit land der dei fann seg betre til rette enn i Noreg. Gjennom desse slektingane fjerne eller nære hev me kulturelle band som er verdfulle.

Boki er stila som brev til fridomsgudinna i USA, og sume tider vert ho nok farga av å vera vel einsretta. Berg er likevel ein moderat mann i alle måtar, undanteke når han legg fram kjærleiken sin til fridomsgudinna. Dessutan må ein spyrja seg um ein ikkje med ein kritisk gjennomgang hadde skore inn på og strama upp manus nokre hakk. Det er ikkje lett å sjå dei tematiske einskildmomenti i boki og ikkje sjeldan fær lesaren tokken av at Berg er innum noko som han hev sagt fyrr. Men det store og verdfulle er den totale brodden mot dei politisk korrekte. Det er altfor mange NRK-journalistar som nyttar nyhendesendingane som reine skuleringslægre i sosialistisk propaganda. Berg er langt meir moderat i motsett leid, men nokre gonger set han skåpet der det skal og bør stå, jamvel um dei som trur på dei norske journalistane berre ristar vantrugne på hovudet eller stemplar han som kjettar. Det er kannhenda den største verdien med boki åt Berg. Det er å ynskja at Berg fær høve til å skriva fleire bøker, men at han då fær meir tid og høve til å vøla på manuset i større mun enn det han hev havt denne gongen.



## Riksstyret provoserte fram ambassadevald

Av Lars Bjarne Marøy

I haust kom det ei bok som det er verd å merka seg - "Truet av islamister" av Vebjørn Selbekk. Selbekk er bladstyrar i avisa Magazinet. Selbekk vart landskjend, for ikkje å segja verdskjend, i januar 2006 - då han til liks med mange andre bladstyrarar prenta ein faksimile av nokre teikningar knytte til den islamske profeten Muhammed. Teikningane hadde fyrst stade i ei dansk avis.

Det underlege var at det utyver på nyåret vart sett i gong eit køyr mot Selbekk og med kvart Noreg som var heilt ute or proporsjonar. Det kom dråpstrugsmål mot Selbekk og skrivaren i Norsk Presseforbund, Per Edgar Kokvold. Norske og danske mål i utlandet kom under åtak, flagg vart brende og ei rad muslimar ytra seg sterkt mot Selbekk og Kokvold.

Kven var andsvarlege for at det vart slik? Selbekk gjeng gjenom sentrale bolkar i karikaturstriden slik som han opplevde det heile. Fram til eg las boki hadde eg tenkt at det var dei danske imane som hadde piska upp stemningi og at det var det einaste som det var verd å gripa tak i, men etter at eg hev lese boki sit eg att med eit litt anna bilæte.

Selbekk hev faktisk grove og graverande opplysningar å koma fram med når det gjeld regjeringi åt Jens Stoltenberg og handlemåten til den norske regjeringi. Eg hev etter måten mange gonger tykt at stoltenberg-regjeringi hev handla rangt og utsett seg for mediekøyr som skader dei sjølve. Det starta med SV-folki som demonstrerte mot si eigi regjeringi og dinest boikottaksjonen mot israelske varor. Seinare kom striden kring styreformannen i Statoil, sjukelønssaki og liknande saker. No seinast hev striden rundt LO-leidaren utan tvil skadd Arbeidarpartiet, og det skulde ikkje undra meg um partiet sjølv hev sett i gong denne prosessen. Riksstyret til Stoltenberg hev kort og godt lite å skryta av. Men i samband med karikaturstriden hev dei sloppe billeg undan.

Det er ikkje nok å berre visa til at dei handterte saki på ein feig og passiv måte. Og jamvel var sers fordomsfulle mot Selbekk som er ein kristen avisredaktør. Å segja at Selbekk hev ytringsfridom, men at ytringsfridomen må nyttast med klokskap, vart ein klisjé millom feige politikarar. Det var einast



Selbekk som fekk desse skuldingane mot seg. Ingen av dei hine bladi vart funne åt på denne måten.

Det heile starta med eit oppslag i Magazinet i januar. Selbekk dreg grundig fram korleis saki tok til med at Finn Graff, teiknaren, hadde uttala at han ikkje torde å teikna karikaturteikningar mot islam. Det var for fårlegt. Under yverskrifti "Truet til taushet" laga Magazinet ei sak kring dette, der dei òg tok upp den danske karikaturstriden. Og dei prenta faksimilien frå Danmark, eine og åleine for å syna kva som hadde skapa diskusjonen der nede. Dei vilde tematisera kvifor det var so fårleg å reisa spursmål ved kva fylgjor islamsk meingsterror kunde få for det norske demokratiet, dersom folk slutta å ytra seg kritisk mot islam og muslimar.

Utanriksdepartementet fekk med seg at det var prenta noko um saki i Magazinet, men dei færaste brydde seg med å lesa kva som hadde stade i bladet. I januar sende Utanriksdepartementet ut eit argumentasjonsskriv til norske ambassar i Midt-Austen som var meint å vera løynlegt. Men det vart kjent i pressa etter nokso stutt tid. Ein dubbel tabbe frå riksstyret til Stoltenberg.

I argumentasjonsskrivet vart norske diplomater instruerte til å gå ut og segja: *"Jeg beklager at trykningen av karikaturtegnningene av profeten Mohammed i det norske bladet Magazinet har skapt uro i muslimske miljøer"*. Korkje her eller seinare i dokumentet vert det sagt eit ord um at det er snakk um ein faksimile av ei sida frå ei dansk avis. Det vert faktisk ikkje sagt noko som helst um

Danmark eller Jyllands-Posten. Noregs ambassadørar fekk i staden for melding um å umtala saki på ein måte som kunde gjeva folk tokken av at det hadde skjett ei sjølvstendig publisering av Muhammedteikningar i Noreg. Det vart skapt ei oppfatning av at skandinaviske avisor gong etter gong prenta karikaturar, og denne framgangsmåten frå Noreg gjorde det heile vondt verre, meiner Selbekk.

Kva som hev ført fram til at riksstyret kunde gå ut med den klåre fordømingi av Magazinet, er eit studium verdt. Eg hev ikkje funne ut det. Men ei opplagd forklåring vilde vera å få merksemd burt frå striden millom einskildpartii i regjeringi. Jens Stoltenberg og hans nære medspelar Trond Giske yndar å taka fråstand frå dei som held for sterkt på den tradisjonelle kristendomen. Men fylgjone av uthengjingi av Magazinet vart dramatiske for norske amambassarar og ambassadepersonell. At regjeringi attpåtil vilde gjeva Selbekk skuldi for at ambassadane vart herja av islamistiske mobbar, er langt yver streken for det ei seriøs norsk regjering eller nokor regjering i det heile kann gjera mot ei avis og ein einskildperson.

Selbekk gjev eit nyansert og truverdig bilete av det som skjedd i boki. Ein kann berre undra seg yver at han ikkje gjeng hardare til verks. Han nyttar nokso mykje tid på detaljar kring hendigane og personlege opplevingar. Noko er verdfullt, men det prinsipielle vert sume tider skadelidande. Det er ein lågmælt og reflektert mann som skriv. Han stend fram med både sjølvkjensla og integritet og syner store og allsidige kunnskapar. Boki til Selbekk hev kome ut til mange, og eg hev ikkje sett at Stoltenbergs regjering hev kome med nokor skikkeleg tilbakevising eller oppretting av den uretten dei gjorde mot Selbekk. Dei freistar nok å gøyma seg burt og tegja i hjel boki. Me kunde trenga fleire slik modige menn og kvinner som Selbekk. Det er prisverdig at han ikkje gav upp, men stod laupet ut. Me fær vona at ingen bladstyrar kjem i ei liknande stoda. Då endar Noreg som eit udemokratisk og kaldt samfund. Det skal verta spanande å sjå kva denne saki hev ført til. Berre framtdi kann visa um folk hev vorte skræmde til tagnad eller um nye røyster vil våga å reisa skepsis mot islam.

# Antiimperialistbladet Frontlinjer

Av Olav Torheim

Frontlinjer er eit nytt "antiimperialistisk" tidsskrift som kom med fyrste utgåva same dagen som det nye partiet "Raudt" vart skipa. Redaksjonsmålet i bladet er nynorsk - tolleget god nynorsk faktisk - og millom redaksjonsmedlemene og skribentane finn me mange kjende andlit frå målrørsla - som Magnus Bernhardsen, Mathias Furevik og Jan Erik Skretteberg. Soleis er bladet på mange måtar for eit målblad å rekna, og det er litt av grunnen til at me i Målmannen hev valt å sjå nærare på innhaldet.


På framsida åt bladet er det bilæte av ein sint, langhåra ungdom med ein brustein i handi. Motivet skal vera henta frå gatekampane i Kjøbenhavn då ungdomshuset "Ungeren" vart rive av danske styresmakter. Og ein skal ikkje blada seg gjenom so mange sidene fyre ein ser at det er nett dette som er den raude tråden i bladet - meir eller mindre ukritisk studnad til grupper både i og utanfor Europa som nyttar vald for å nå politiske mål. Frå fundamentalistiske muslimske aktivistar i Palestina til autonome bråkmakarar i Kjøbenhavn.

I bladet sin programartikkel kann me millom anna lesa fylgjande:

*"Å vera antiimperialist tyder ikkje berre å vera mot krig. Det tyder og å stilla seg solidarisk med dei som kjemper. Me stør motstandskampane i Midt-Austen, Asia og Latin-Amerika, me stør dei nye og radikale regjeringane i Venezuela og Bolivia og me stør dei som kjempar for frigjerings frå pengemakta si vald. Å vera antiimperialist tyder også å gjera motstand mot pengemakta her heime. Når innvandrardomane i Paris går til åtak på fransk politi står me på deira side. Når dei freistar å forby hijab eller håner islam står me saman med Europas muslimar."*

Nett det siste kjem redaksjonen sterkt attende til. I artikkelen "Rasisme med et menneskelig ansikt" av Christian Stokke heiter det millom anna at "[k]orsfareren George Bush og vår humanitære regjering er begge uttrykk for det samme rasistiske systemet. Kolonialisme og imperialism har bragt vesten dit vi er i dag, og muslimhetsen vi ser i dagens norske samfunn skal bevare den økonomiske slavebindingen av Midt-Østen."

Etter at saki er sett inn i sitt "rette" perspektiv, gjeng forfattere vidare til å dryfta det nye klimaet i ordsiftet kring dagsens innvandrings- og integreringspolitikk. Med kvart som urædde gjentor frå innvandrarmiljøet hev stade fram og fortalt tvangsekteskap, umskjering og æresdråp hev



Framsida på bladet Frontlinjer.

det kome til ein snunad i det ålmenne ordsiftet som jamvel hev fenge aktørar langt inn i den tradisjonelt innvandringsliberale vinstresida til å revurdere tidlegare standpunkt. Her kann det til dømes nemnast at SV-veteranen Ottar Brox for eit par år sidan var med på å gjeva debattboki "Gode formål - gale følger" i lag med innvandringskritiske Sigurd Skirbekk. Og tidlegare PFLP-sympatisør Lars Gule hev vore med på å gjeva ut boki "Hvorfor jeg ikke er muslim" på Humanist Forlag, og elles kome med ei rad islamismekritiske utspel i pressa.

Men det er tydeleg at miljøet attum Frontlinjer ikkje serleg ihuga for det nye klimaet i innvandrings- og integreringsdebatten. Helst vil dei nok attende til 1990-åri då alle som var kritiske til innvandringspolitikken kunde stemplast som rasistar. Christian Stokke er ikkje nådig mot dei på vinstresida som hev gjenge inn i debatten på desse nye premissane. Ottar Brox og Klassekampen-redaktør Bjørgulv Brannen er millom dei som fær passet sitt påskrive og vert slegne i jambreidd med FrP. Samstundes rosar han Internasjonale Sosialister og sosialmedisinar Per Fugelli som var med i den muslimske demonstrasjonen i Oslo mot Muhammed-karikaturteikningane, jamvel um dei med det stelte seg solidariske med fundamentalistiske muslimar.

Den raude tråden i innlegget er at "humanistiske verdier" einast er retorikk som vert nytta av vestens imperialism for å halda fátige og undertrykte muslimar nede, og difor

må ikkje vinstreorienterte lata seg lura av denne retorikken. Millom anna heiter det at "[d]e av oss som ikke er muslimer, kan lett bli påvirket av demoniseringen av islam, særlig når hetsen fremføres av "kokosnøtter" som Ali Hirsi Ali og støttes av venstresidas "intellektuelle klovner". Og um det er nokon av lesarane våre som lurar på kva forfattere meiner med å umtala Hiri Ali som "kokosnøtt" so vert det forklåra i ein fotnote at "[b]egrepet "kokosnøtt" refererer til svarte som har internalisert hvit rasisme. [...] Norske kokosnøtter er bl.a. komikeren Shabana Rehman og forfatteren Walid Al-Kubaisi."

Skal ein taka "antiimperialistane" på ordet, er ikkje fundamentalistisk islam noko trugsmål mot vestlege verdiar, tvert imot. Islamismen kann verta ein alliert i kampen mot imperialismen. Kann henda hev islamismen meir av den krafti som vestlege gudlause marxistar vantar når dei skal taka opp kampen mot staten og kapitalen? Sagt med Christian Stokke sine egne ord: "Vår nye religion, kapitalismen, tilbyr ingen trygghet for de fattige, men bare individuell konkurranse om materielle goder. Når norske muslimer i stor grad ekskluderes fra både arbeidsmarked og nasjonalstat, vil konvertering til "vestlige verdier" gjøre dem enda mer sårbare".

So langt hev den muslimske "frigjeringskampen" gjenge fyre seg langt burte frå vår eigen tronge krins, og einast nådd oss med nyhendemeldingar frå slagmarker langt burte. Men no er det kome ei ny stoda der rasande muslimsk ungdom i Paris-forstadene gjeng til åtak på fransk politi. Og "antiimperialistane" gjev dei sin fulle studnad. Skal me tru dei skrivande i Frontlinjer er det nett desse som er spjutsmissen i den nye "antiimperialistiske" kampen, for det er desse som kjenner kapitalismen på kroppen meir enn nokon annan, hævdar eks-AKP'aren Kenneth Fuglemsmo i ein annan kommentar.

Det siste kann det kanskje vera noko i. Under Libanon-krigen i sumar hævda Palestina-venene i Oslo at dei kunde samla eit tusundtals demonstrantar til monstringar mot staten Israel (den sionistiske okkupasjonsmakti som skribenten Lars Akerhaug kallar landet, og som han slær fast at det er umogleg å få til nokor fredelig løysing med). Medan me i ein tolleget "etnisk norsk" by som Bergen talde snaudt eit par hundrad demonstrerande vinstreaktivistar under dei same upptogi. Kombinasjonen av muslimske innvandrarar som kann fylla opp demonstrasjonstoget og

heimlege vinstretradikalarar som gjev demonstrantanane den legitimiteten som trengst kjem me nok til å sjå meir til.

Dei fleste som skriv i Frontlinjer hev bakgrunn frå den sokalla ml-rørsla, ei rørsla som historisk hev distansert seg frå valdsromantiske element som vilde føra frigjeringskamp "på vegner av folket". Sume hev gjeunge so langt som å hævda at ein kann takka

AKP for at ein ikkje fekk valdelege ekstremistgrupper i Noreg slik ein fekk med Raude Arme Fraksjon i Tyskland.

Ein må difor berre undra seg kvar det vart av den maoistiske barnelærdomen um å halda seg nær massane og ikkje ty til individuell terror. Som med den valdelege ungdomsuppreisten i Kjøbenhavn der autonome ungdomar kastar stein og ramponerar - i

Frontlinjer vert dei ikkje "forstått" eller "forklára", men aktivt forsvart og støtta (les artikkelen "Solidaritet med ungdomshuset"). Frontlinjer nr 1 2007 kom for tidleg til at me kunde få med oss deira kommentar til Blitzbråket kring NATO-toppmøtet i slutten av april i år. Men me reknar med å høyra frå dei.

## Ei åndeleg (og praktisk) utmaning

Av Lars-Toralf Storstrand

Norsk Språkråd meiner at innblanding av engelske ord i norsk er noko av ein styggjedom. Eg er usamd so det rekk. Det burde vera ei kjend sak at me under vikingtidi på det næraste tala same tungemålet som engendarane [1] - og i målvegen er det dei seinste tiåri helst me som hev fjerna oss frå engelskmennene, ikkje nærma oss deim.

Rett nok hev me teke til oss sume framandord som i seg sjølve er meir engelske enn norske, men det må Språkrådet sjølve bera litt av skuldi for, med norvageringspolitikken sin - noko som på mange vis kann sjåast som eit svik mot det sedvanenorske, dette som millom anna Jan Prahl, Ivar Aasen og Aasmund Olavsson Vinje gjekk i fronten for. Fylgjene hev vorte eit norskt mål som fær stødt veikare ryggbein.

Tak til dømes ordet 'signa'.

Det er ordet me brukar oftast i dag, når ei kyrkeleg handling skal gjerast, endå det nåme nær er eit norskt ord, langt mindre eit protestantisk eit. Sjølve ordet 'signa' kjem reiteleg frå latin, via tysk 'zeichnen' - og tyder å 'teikna' nokon med krossteiknet.

På islensk derimot, som byggjer på det norrøne målet heiter det å 'blessa' - som på engelsk 'to bless'. Båe ordi hev si rot i det norrøne ordet 'bleza'. Kvifor segjer ikkje me det same? Det vilde visseleg vera meir naturleg for oss å bruka eit ord med røter i norrønt, helder enn i framandmålet latin. Lat meg visa kva eg meiner:

Eg meiner at me burde segja [å] blessa - blessar - blessa - blessa - blessa.

Det er mange gode grunnar til å bruka dette ordet - helder enn å bruka 'signa'. I den beste hevdi åt høgnorsken er det eit sjølvforklårande ord. Det kjem, som nemnt ovanfyre, av [å] blæsa (norrønt: bleza), som det stend å lesa i Johannes-evangeliet:

*'Med desse ordi anda han på deim og sagde til deim:*

*Tak imot den Heilage Ande!' [2]*

eller som det ogso kunde vore sagt:

*'Med desse ordi blæs han på deim og sagde til deim:*

*Tak imot den Heilage Ande!' (mi parafrasering*

her)

Slik er truleg røtene av ordet 'blessa'. Jesus blessa læresveinane sine ved å blæsa på deim. Det græske ordet som er bruka i grunnteksti, 'pneuo', tyder då ogso 'å blæsa', medan 'pneuma' som er vert umsett med 'ånd', gjev eit snev av ordspel her. Endå tydelegare tykkjest det koma fram på hebraisk, der det kann sjå ut som det ligg fyre eit ljødrim millom det hebraiske ordet 'nafach' (blæsa på/i) [3] og 'ruach' (ånd/ande) [4].

Men det finst meir å henta og taka heim her. Her er ogso eit biletleg motstykkje til skapingi i Upphavsboki 1 og 2, der Gud blæs livsens ande inn i mennesket han hadde skapt. I den nytestamentlige konteksten 'skaper' faktisk Jesus disipline her um til apostlar.

Gjeng me litt djupare i denne materien, men held oss til IMos 2:7 der Gud blæs livsens ande inn i menneskenôsi, og ser litt nærare på det uskrivne jødiske erveminnnet, finn me at menneska heilt fram til Shem (son åt Noach) døydde, so hende dette med at dei naus. Sagt med adre ord forlet anden likamen same veg som han kom inn. Av dette hev me fengje sedvanen med å segja (engelsk) 'bless you', (tysk) 'gesundheit', og (fransk) 'prosit', når nokon nys, for at det skal ganga deim vel.

Men lat oss ikkje stogga der. Lat oss hoppa vidare til det engelske ordet 'ghost', som er nytta i King James-bibelen, når det er snakk um Den Heilage Ande. Forklaringane som finst på engelsk for dette ordet er knytte til 'to give up the ghost' (gjeva upp anden); 'ghost away' (forsvinna med vinden); 'ghosted' - (døy) - er me beinveges inne på Jesu eigne ord når han segjer:

'Vinden blæs kvar han vil, og du høyrrer han tyt, men du veit ikkje kvar han kjem ifrå eller kvar han fer av. So er det med kvar som er fødd av åndi' (Joh 3:8)

Um du no samanliknar ordet 'ghost' med det norske ordet 'gust' som upphaveleg er eit ljodmålende ord, skyner me at det i ordet 'ghost'/'gust' ligg eit vinddrag, eit utstøytande andetak, noko som fører oss attende der me byrja, til å 'blæsa'. Men jamvel det norske ordet 'hosta' som kjem beinveges frå norrønt -

hev same rot. Du kjenner visseleg at likskapen millom å 'hosta' og å 'blæsa'. Mindre vert det heller ikkje av at 'gusta' er eit norrønt ord som tyder vindblæsa.

For å visa at me er inne på rett spor, skal me dessutan kika litt nærare på antonymet / motordet for 'blessa' - på engelsk.

Ordet me her talar um er det engelske ordet 'curse' - eit ord som det burde vera lett å sjå hev same morfologiske rot som det norske ordet 'kross'?

Kva ligg det so i dette? Dette er ikkje meint som eit åtak på tanken um krossen si rolla i den bibelske forlikstanken, men berre for å visa at krossen upphaveleg var knytt til bannstøying/forbanning. Sjå Galatarbrevet 3:13 -:

'Kristus kjøpte oss frie frå forbanningi av lovi, med di han vart ei forbanning for oss - for det stend skrive: "Forbanna er kvar den som heng på eit tre" -'

Når so det å verta krossfest likjest med ei forbanning - kvifor 'signar' me då dei som me eigenleg vil 'blessa' med å teikna dei med krossteiknet? Det er då symbolet på sjølve den forbanningi som Jesus - Guds salva - Messias - måtte lida for manneætti si skuld, det.

Lat meg korso understreka at dette ikkje handlar um nokor form for neitting for krossfestingi. Det handlar einast um at staden der Jesus sona syndene, ein gong for alle, var symbolet på at han kom under forbanning.

For skuld saki, forresten; Når ein av ungane kjem til far av di han hev snåva utfyre ein skrent og slege seg - kva gjer ein far då? 'Signar' deim med krossteiknet - eller segjer han: 'Kom her, so skal pappa blæsa på!'

### Fotnotar

1. Soga um Gunnlaug Ormstunga
2. Joh 20:22
3. Blue Letter Bible. 'Dictionary and Word Search for 'ruwach (Strong's 07307)' '. Blue Letter Bible. 1996-2002. 24 Apr 2007.
4. Blue Letter Bible. 'Dictionary and Word Search for 'naphach (Strong's 05301)' '. Blue Letter Bible. 1996-2002. 24 Apr 2007.

## Den baltiske gåta

Av Thoralf Bergwitz

*Konflikten um det sovjetiske krigmonumentet i Tallin hev reaktualisert konflikten millom etniske baltarar og russiske innflytjarar i Estland og dei hine baltiske statane.*

*Innlegget nedanfor er frå 1990, og vart sendt til Agderposten, Aftenposten, Tønsbergs Blad, Varden, Dag og Tid, Vestmannen og Bergens Tidende, men ingen av desse avisune hadde rom nok til desse artiklane.*

*"Bodøsaki" - saga um "Den russiske bjørn" er no komi inn i ein antologgi - ei bok som heiter "Fram daa frendar" utgjevi av Norsk Måldyrkingslag - Akademi for det norske målet. Båe artiklane er dessutan tekne med i boki Domen - utgjevi på Dreyer Bok, Stavanger i 2002.*

Frå å vera ein fridomsvenleg reformpolitikar trør Mikhael Gorbatsjov no fram som ein "maktsjuk despot". Året er 1990 - det året då dei baltiske statane krev sjølvstende.

Er det hendt noko med den i Vesten so høgt vyrde reformpolitikaren - som jamvel er tildela Nobels Fredspris? Ingen sovjetisk politikar hev nytt slik ein heider i vestlege land som nett Mikhail Gorbatsjov. Han er det som hev æra for innføring av Glasnost og Perestroika.

Ytringsfridomen hev komi so langt at presidenten sjølv vert pepen ut av folket utan at det vert reagera med anna enn ein smil. Rett nok er det no vedteki ei lov um forbod mot å baktale presidenten - men det er vel ikkje meir enn rimelegt for slikt burde det vel vore forbod mot for alle - ikkje berre mot presidentar. Og umstruktureringi hev komi so langt at det "jarn-grepet" som Sovjetsamveldet i etterkrigsåri hev havt på alle dei austeu-

ropeiske londi, er losna - slik at dei no er heilt sjølvstendige statar som fritt kann velje sine egne leidarar - og gjennom parlamentarisme - sokalla demokrati - føre sin eigen politikk med sin heilt lovlege innbyrdes krangel og eventuell semje.

Og når me òg ser litt lenger attende, so minnest me at Sovjetiske troppar stod langt inne i Finnmark i den seinste heimskrigen - utan at dei kravde nokon eigedomsrett til området, men drog seg stilt og roleg attende etter at dei hadde drivt erkefienden vår på flog. Finnmarkingane - og jamvel sume søringar - såg med takksemnd på desse sovjetiske frigjeringsmennene den gong.

Og for dei som minnest Finlandskrigen, so - trass i at me er fora med noko einseitig og misvisande orientering um både bakgrunnen og årsaki til krigen, veit me i alle fall at den største terroristen og despoten i nyare tid - ved sida av Hitler - Stalin - let Finland få hava sitt eige sjølvstyre etter at dei hadde lidi nederlag - som ventande var - i tvo krigar tett på einannan. Til og med Afganistan hev fengje lov til å føre sin eigen innbyrdes krig - utan nemneverdig innblanding frå den megtige grannen - i alle fall etter at dei hev drege seg ut.

At då den fridomselskande reformvenlege Gorbatsjov skal vera den som set so mykje inn på å hindre eit lite folk å få sitt sjølvstyre, det må vel karakteriserast som ei gåte? Er det mogleg å finne svar på gåta i den historiske bakgrunnen

Eg kunde ha hug til å bleida attende i saga å sjå nærare på den store kolossen av ein stat - og som i visse tidsrom hev vore framstilla som ein heller fårleg granne.

### Bodøsaki og "November-traktaten"

Slagordet "Den russiske bjørn" er - som truleg ikkje so mange veit - ei britisk oppfinning - og me kann dagfesta henne til året 1836.

Oppfinningi hev sitt utgangspunkt i den sokalla "Bodøsaki". Dette er opphavelge ei heller liti sak, men som etter kvart - med sine etterdønningar - fekk storpolitiske fyljer - og som sagt skapte ordlaget "den russiske bjørn". Og etter som denne parten av saga ikkje er allemannseige - som me fær gjennom skulen - so tykkjer eg ho er verd å draga fram for den parten av folket som ynskjer å sjå med ufarga glas på vår store skræmelege granne i aust.

Sjølve "Bodøsaki" var rett og slett ei smuglarsak som og førde med seg litt dramattikk. Ein britisk handelsmann - John Everth - tok til med å driva handel i Nordland i 1815. I 1818 vart han uppsagd frå husi sine i Bodø som han hadde leigd av den norske staten. Frå då av tok han til med å driva smugling i stor stil. Då politiet greip inn gjorde han væpna motstand, men vart yvermanna og arrestert. Mot kausjon vart han snart sett fri. Men den skåmlause britten let seg ikkje stogge av småskorne norske politimenn. Vaktmennen - som heldt vakt yver dei kverrsatte varune hans - vart lokka umbord på skipet hans der dei vart innelæste. Etterpå braut han seg inn på tollbui og fekk med seg sumt av smuglargoedset sitt, og sette so til havs. Vaktmennene vart slepte ut i ein elendig båt. Dei greidde med naudi å taka seg til lands.

Everth kom seg heim til England, men han gav seg ikkje med det. Vel heimkomen gjorde han samlag med ein samvitslaus advokat - F. G. Denovan - som



**NYNORSK**  
**ANTI-KVARIAT**  
www.nynorskantikvariat.no



**Nynorsk Antikvariat AS**

Hulgata 11

4900 Tvedestrand

**Telefon** 37 16 66 66

**E-post:** tinging@nynorskantikvariat.no

**Antikvariatsbokhandlar**

**Arne-Ivar Kjerland**

**E-post:** Arne-Ivar.Kjerland@

nynorskantikvariat.no

**Mobil:** 928 29 098

m.a. med falske dokument gjekk til den britiske sendemannen i Stockholm - lord Strangford - og klaga på ågang mot britisk medborgar.

Den norsk-svenske utanriksministeren - grev Engstrøm - kravde av den britiske styremagti at Evert skulde verta straffa og svara skadebot for ugjerningane sine i Noreg. Britane derimot - som såg dei falske papiri frå Denovan - kravde vern for varune som Everth ikkje hadde fengje med seg, og kom dessutan med harde skuldinger mot norske embetsmenn i Nordland. Dei kom dessutan med krav um skadebot - og truga med å stengje den norsk-svenske trelasthandelen på England med høg toll. For dette bøygde Engstrøm seg.

Den norske styremagti laut påtalen mot brøtsmannen falla, laut gjeva frå seg dei kverrsatte varune - og dertil svara 18000 £ (120 000 specidalar) i "skadebot".

Dette var i året 1821. Saki førde - som ventande var - til stor harme i Noreg. Engstrøm vart klaga for dugløyse, og i 1927 tok Stortinget saki upp på ny, der det vart reist krav um at dei tvo statsrådene som var nærast andsvarlege for saki - Collett og Fasting - skulde under tiltale for rikssrett. Det vart likevel ikkje gjort, men Stortinget kravde - 27. juli 1827 - i ei adresse til kongen - at den norske statsministeren måtte få høve til å vera med i utanriksaker som vedkom Noreg. Aldri so gale so er det godt for noko. Det var i alle høve eit upptak for nordmenn til å få meir innverknad på utanrikspolitikken.

Saki var likevel ikkje avslutta med dette - og no er det verkeleg at det vert storpolitikk av saki.

Den brave John Everth - som hadde vunne ei sak mot sjølvaste dubbelmonarkiet i Skandinavia - trass i at det ingen tvil var i at han var skuldig i dei brøtsverki han var klaga for - han hadde fengje blod på tann - og var slett ikkje nøgd med fengdi av den umak han hadde gjort seg.

I 1830-åri freista han å taka saki si upp på ny. I samband med denne saki må han ha havt ei høne å plukke med ein landsmann av seg - ein Mr. John Rice Crowe - som lengje hadde vore britisk visekonsul i Hammerfest. I alle høve so sette Everth fram ei rekkje klagemål mot denne sin landsmann. Som fylje av desse klagemåli vart John Crowe avsett som visekonsul av det britiske utanriksministerium. Dette hendte i året 1836.

At denne hendingi skulde få noko å segja i storpolitikken er slikt som hender.

Asosiasjonane gjeng til eit dubbeltmord som fekk større katastrofale fyljer enn denne hendingi. Eg tenkjer på atentatet mot erkehertug Frans Ferdinand og fruva hertuginne av Hohenberg i Sarajevo den 18. juni 1914. Den hendingi kjenner truleg dei fleste - og visseleg kjenner dei og resultatet av det som hendte i Sarajevo.

Hendingi um den avsette visekonsulen er det venteleg dei færreste som kjenner - og enda færre kjenner verkningen som hendingi fekk på det millomfolkelege tilhøve.

Den avsette visekonsulen var ikkje tapt bak ei høyvogn. Han sette igang med å utarbeide ein rapport um noko han kalla russiske planar um å trengje fram til Varangerfjorden. Med den ferduge utgreidingi for han beint til den britiske utanriksministeren - Lord Palmerston.

Bakgrunnen for denne utgreidingi var at det i 1826 hadde vore visse grensereguleringar millom Russland og Noreg i området millom Pasvikelvi og Jakobselvi. Sanningi var at den russiske tsar - Nikolai I - som året fyri hadde tekje styringi etter den eldre bror sin - svenskevenen Aleksander I - han vilde truleg ikkje skiple det gode samhovet til Karl Johan som hadde fengje heile Noreg i gåve av broren - som takk for velgjort arbeid i krigen mot landsmannen og tidlegare medarbeidar - Napoleon - han gav med rund hand - det som Karl Johan no ynskte i det umstridde området i Finnmark.

Utan omsyn til sanningsverdien i utgreidingi frå Mr. Crowe tykkjest ho ha vore sers velkomi hjå Lord Palmerston, for den avsette visekonsulen fekk 500 pund i skadebot "for tort og svie", og vart samstundes flutt fram til konsul for Finnmark.

Utgreidingi um "den russiske fåren" for Finnmark vart send frå utanriksministeriet i England til den britiske minister i Stockholm. Denne fekk pålegg um å åtvare den svenske kongjen mot det som vart kalla "russiske anneksonsplanar".

Som um dette ikkje var nok for den ekspansive Mr. Crowe, so fekk han ei ny hending til å utbrodere spøkeriet "den russiske bjørn" på.

I 1841 gjorde Karl Johan framlegg for den russiske tsaren um å lata Russland få eit landstykkje som den svenske kongen åtte i Konstantinopel - mot at eit finsk landstykkje ved Lyngenfjorden vart lagt yver til Noreg. Nikolai I gav det svaret at han ikkje hadde bruk for dette landstykkjet i Konstantinopel, men at han gjerne var med på eit makeskifte millom

det finske landstykkjet og eit stykkje ved Varangerfjorden. Karl Johan ynskte ikkje dette makeskiftet og heile avtalen fall difor burt.

Mr. John Crowe - som hadde fengje so god løn for tidlegare "tenestar" for den britiske utanriksminister - laga til eit nytt memorandum til det same ministerium um "nye anneksonsplanar i Nord-Noreg" frå den russiske tsaren.

Dette gjorde han heller ikkje til fånytt. Som løn for sin ihuge og sitt vakne auga, vart han denne gong utnemnd til britisk generalkonsul i Christiania.

Lord Palmerston var ikkje sein um å sende meldingi um "den russiske fåren" til sin mann i Stockholm - der han gjorde det tindrande klårt at det måtte ikkje avståast noko landumråde til Russland.

For visse krinsar i Sverige tyktest det høve godt med desse britiske meldingane. Sume - dei sokalla "frisinna" - hadde lengje sett med uvilje på det tsaristiske styret i Russland, og ikkje minder dei svenske aristokratane tykte det høvde godt med litt antitsarisme. Trass det at dei hadde fengje Noreg i gåve - i 1814 - nett frå den russiske tsar, so kunde dei ikkje tilgjeva det same regime at det hadde fråtekeje deim Finland i 1808.

Fjortan år etter det velplasserte memorandum fekk Lord Palmerston løn for strevet. Det var under dei avgjerande kampane i Krimkrigen at han fekk den svenske kongen til "å rasle med det svenske stålet". Etter lokketonar frå både fransk og britisk hald - og utsikt til å få att sitt tapte Finland - sveik den svensk-norske kongen - Oscar I - sin russiske ven - tsar Aleksander II - som nett under krigen hadde tekje styringi etter far sin Nikolai I. Den 21. november 1855 underteikna svenskekongen ein ny traktat millom Sverige og vestmaktene. Traktaten fekk namnet "Novembertraktaten". (Nov.tr. stod ved magt til 2.nov. 1907 for Noreg, til 23. april 1908 for Sverige).

Med trugsålet um på ny - som so mange gongjer fyrr - å få eit åtak frå sin granne i vest - fann Aleksander det klokast i å slutte fred.

Dette var i store drag soga um opphavet til slagordet "Den russiske bjørnen" eller "den russiske fåren for Norden". Samstundes gjev denne soga ein viss innsikt i det britiske maskepiet som førde til den enno ikkje gløynde "Novembertraktaten". Denne traktaten var vår dåverande stathaldar - Severin Løvenskiold - sterkt imot - og hadde ei eit serskilt brevbyte med kong Oscar I um denne saki.

Når me no ser på dei hendingane som her er henta fram - um manipuleringar og falske dokumentasjonar som britiske maktmenneskje hev bygt sine handlingar på, so tykkjest det vera urettvist å klandre stathaldar Severin Løvenskiold for den stoda han tok i saki um "Novembertraktaten" - slik som Store Norske Leksikon tykkjest gjera i si skildring av denne mannen. For å segja det mildt - dei tykkjest slå han i lag med ymse andre lyte - som han - etter mine oppdagingar - ikkje er sanne. (Eg syner her til boki "Domen" utgjevi av Dreyer, Stavanger 2002).

Visekonsul, konsul og til slutt - generalkonsul i Christiania - Mr. John Rice Crowe - kjøpmann i Hammerfest med store gruveinteressur i Alta, vart opphavsmann til den fyrste norske jarnvegen og spela ein framskoten rolle i tilskiping av den fyrste norske eimskipsruta. Denne ruta gjekk til Hull i England.

### Finlandskrigen

Her på berget - som det gjerne heiter - liver me enno stort sett i den tru og med den meining - at det var giren etter land og magtskykje som låg attum åtaket frå det store Sovjet på det vesle og forsvarslause Finland som var bakgrunnen for åtaket. Når ein - etter alt som hev hendt - nær etter - og jamvel etter dei store umveltningane i Aust-Europa i år - kann me skyna at denne oppfatning er livs livande - då er det ein fær hug til å vera samd med ein kjend italiendar som livde på 1500-talet. Namnet var Niccolo di Bernardo dei Machiavelli. I ei av bøkene sine - Fyrsten - utkome på bokmål i 1948 - sa han millom anna: "Det er tri slags hovud: det eine skynar av sjølve seg, det andre fattar det andre skynar, det tredje korkje skynar av sjølve seg eller ved hjelp av andre. Kor mange av oss som høyrer til den fyrste, andre eller den tredje gruppa er det truleg godt at me ikkje veit. Men sanningi ligg kann hende i det kong Salomo segjer (i 15.14) - at "vitug manns hjarta søker kunnskap, men dæremunn féer berre med dårskap". I von um at det er vituge menneskje som les dette vil eg draga fram litt kunnskap som visseleg enno er løynt for mangmannen.

I påvente av ein komande krig tok sovjetregjering - sumaren 1938 - opp tingingar med den finske styresmagti um visse territoriale reguleringar som kunde gjera det mogleg å få til eit trygt forsvar av Leningrad. Det fyrste sovjetiske ynskjet var å få overført nokre

finske øyar i Finskebukti nær Leningrad. Den øvste sjefen for dei finske herstyrkane - den seinare presidenten - marskalk Mannerheim - skriv i sine "Minnen": "Min åsikt var at vi ovilkårligen på ett eller annat sætt borde gå ryssarne til møtes. Jag framhæll dærvit at øerna voro landet til ingen nytte, och att vi inga möjligheter hade att försvara dem, neutraliserade som de voro.

Mina uttalande møtte ingen forståelse. Man påpekade bland annat att en regering, som vågade framkasta någåt dyligt, omedekbart skulle störtas, och att ingen politiker kunde gå med på att på detta sætt utmana den allmænna opinion. Jag gick ännu längre och framhøll, att det enligt min åsikt vore fördelaktigt för Finland att mot saklig vederlag erbjuda forflutning någån mil vesterut av gränslinjen närmest Leningrad."

Etter at det tyske felttoget i Polen var slutt, og dei tvo stormagtinne hadde delt landet millom seg - då me alle trudde at no var dei tvo erkefiendane vortne vener - det var i oktober i 1939 - då la russarane fram det offisielle sovjetiske kravet.

På tingingsmøtet i Moskva gjorde russarane dei finske sendemennene merksame på at dei venta åtak frå den tyske hermagti i ein seinare fase av krigen - og at dette åtaket vilde koma via Finland mot Leningrad. Dei gjorde difor framlegg um eit makeskifte millom finsk landumråde i sud mot eit tvifaldigt stort russisk landumråde i Karelen. Både den seinare statsminister og president Paasikivi og Mannerheim rådde den finske regjering til å gå med på dei russiske ynski. Regjering derimot - vilde vera med på berre heilt småe imøtegangar.

Ein annan velkjend finsk polititar - Vaino Tanner - som og var ein av sendemennene i Moskva - klaga yver dei strenge direktivi frå Helsingfors.

Veino Tanner gav òg seinare ut sine memoarer. Der segjer han m.a.: "Efteråt, sedan Finland efter sina två krig varit tvungen til å avstå betydligt større områden, kan man kritisera Finlands avvisande innställning. Under då rådande förhållanden hade en annan innställning knappast varit möjlig."

Det som Tanner her talar um, er det same som Mannerheim ogso nemnde - opinionen - folkemeiningen - i Finland i dei dagar. Regjering måtte m.a.o. nekte å gjera det einaste rette då mest det gjaldt, fordi han hadde ein folkeopinion å taka umsyn til - ein folkeopinion som polititarane sjølve mykje hadde jaga upp.

På den tidi då finnane søkte å finne utveggar til fred med sin granne i aust - var det at både franskmenn og britar - godt sekundera av dei skarpaste hjerner(?) av intelligensiaen i Noreg - såg for seg "den store stygge ulven" i aust, men ikkje såg den røynelege fåren som truga frå nazi-Tyskland.

Me kunde bledda lenger attende i saga og vise at det aldri hev funnist russiske anneksonsplanar mot Norden. Derimot er det lett å syne til burtimot tallause strandhogg frå Norden mot Russland - OG MOT DEI BALTISKE LANDI. Det er dei no so frededelege svenskane som gjenom tidene hev vore ein verkeleg urokråke for russarane og dei baltiske folki. Det var denne dårskapen som førde til at dei miste herredømet yver Finland i 1808. Me kann jamvel minnast at den russiske tsaren av slo eit tilbod frå Napoleon - då han stod

Kjøp demokratiske appelsiner!



 **NORSK ISRAEL SENTER**  
mot antisemittisme

[www.norskisraelsenter.no](http://www.norskisraelsenter.no)

Tlf: 6992 1422

## NIS-info

### Bladet for deg som:

- Vil vita meir um Israel og jødedomen
- Ynskjer meir kunnskap um assyrarar, koptarar, kurdarar og andre folkeslag som dagleg vert tynte av arabiske okkupantar
- Etterlyser meir sakleg og balansert informasjon um stoda i Midtausten
- Et Jaffa-appelsinar og Carmel-potetor med god appetitt og godt samvit!

NIS-info vert fritt sendt til 20.000 husstandar.

Friviljugt støtteabonnement kr 250.

Kontakt oss på [post@norskisraelsenter.no](mailto:post@norskisraelsenter.no) eller *NIS-info*, Seljevegen 18, 1825 Tomter, Norway.

som den store sigerherre i Europa - um å få styringi over heile Sverige! Det var då den slagne tsar Aleksander I slutta forbund med Napoleon at han fekk dette tilbodet um å taka styringi ogso i Sverige.

Men den Russiske tsaren hadde inkje ynskje um å annektere Sverige. Det han var interessera i, var å verne Petersburg mot nye svenske åtak og difor taka frå dei landumrådet - Finland - som var svenskanes oppmarsjbasis for åtak.

### Det baltiske problemet

Det kunde vore litt av kvart å segja um etterkrigspolitikken og - som truleg vilde gjeva eit meir nyansera bilæte av stoda enn den som er den vanlege oppfatning her i vest - men eg skal her avgrense meg til å studere soga åt dei Baltiske statane.

Litauen hev havt statsdaning frå 1200-talet - i lange tidbolkar i lag med Polen - eller innlema i Russland. Men sjølve storfyrstedømet Litauen er grunnlagt i 1315 av Gedimir. Han døydde i 1340 og etterlet seg sju søner som slost um magti i landet. Sonesonen Jagello (1377-1454) fekk på ny samla folket til eit rike.

I 1386 vart Jagello gift med den polske dronningi - Hedvig - og på det viset vart han òg konge av Polen. Dette var utgangspunktet for det seinare langvarige sambandet med Polen.

Frå 1569 vart det innført sams kongeval og riksdag for dei tvo landi - Polen og Litauen. I 1772 - det året Polen vart delt - kom den parten av Litauen som ligg i vest - ikring elvi Njemens - Memelumrådet - under Preussen, medan resten - dvs. dei fleste - kom under russisk styre.

I 1807 - då Napoleon ordna upp på det europeiske kartet - vart den prøyssiske parten av Litauen innlema i vasallstaten hans - Warszawa - seinare inn i "Kongress-Polen".

Fyrst i 1905 - vart det fremja krav um "Autonomi" (indre sjølvstyre) for den russiske parten av Litauen. "Autonomi" tyder - som kjendt - ikkje lausriving, men rett til lovgjeving um indre tilhøve i landet.

Under den fyrste heimskrigen - i 1915 vart Litauen hersett av tyske troppar. I 1917 vart det skipa eit nasjonalråd under leiding av Antanas Smetona. Forsamlingen proklamerte i februar 1918 den sjølvstendige litauiske staten. Denne forsamlingen var tydeleg samansett av storkarane i landet - for alt i desember same året vart det

skipa ein "provisorisk arbeidar- og bonderegjering". Med sovjetisk hjelp tok dei magti i storparten av landet i februar 1919. Nasjonalrådet og den offisielle regjeringen heldt stand - berre i den parten av landet som enno var hersett av tyskarar.

Den fyrste rådslungskongressen for den nye regjeringen vedtok å sameine Litauen med Kviterussland - og å skipa ein Litauisk-Kviterussisk sosialistisk republikk med hovudstad i Vilnius.

I mars 1919 gjekk det fyrste nasjonalrådet til åtak - støtta av tyske frivillige - og i april hertok polakkane Vilnius med umrådet ikring.

I august 1919 tok nasjonalrådet på ny magti i resten av landet.

I 1920 - under den polsk-russiske krigen hertok russarane Vilnius og førde det attende til Litauen. Men då krigslukka snudde seg tok polakkane att det tapte umrådet - og alt i oktober same året - vart det av dette landumrådet skipa eit sokalla Midt-Litauen. Dette vart innlema i Polen.

Hovudspursmålet i den litauiske utanrikspolitikken i tjuge-tredive-åri var å få att Vilnius-området.

I 1921 vart Litauen med i Folkeforbundet, og Kristeleg-demokratane styrde til 1926. Ved valet dette året sigra Folkepartiet og Sosialdemokratane. Den nye regjeringen vedtok ein venskapsavtale med Sovjetunionen. Dette medførde at dei gamle styresmennene gjorde statskupp.

Smetona vart atter president og den tidlegare statsminister - kjend som eit framstående nasjonalist - Augustinus Valdemaras - vart på ny statsminister.

Valdemaras oppløyste parlamentet i 1927 - og styrde deretter diktatorisk. Han gjekk hardt fram mot kommunistane - som det var mange av - og han freista fånyttes å få att Vilnius frå Polen.

Det vart usemje millom dei tvo gamle parhestane - Smetlona og Valdemaras. Dette førde til at Smetlona avsette Valdemaras i 1929.

Men den autoritære styringi heldt fram. I 1936 vart alle politiske parti - med undantak av Tautingai-partiet - forbode.

I 1938 sendte Polen eit ultimatum til Litauen um å taka upp att det diplomatiske sambandet med Warszawa. Soleis fekk Vilnius-problemet ei slags "løysing".

I mars 1939 tok Hitler havnebyen Memel med umrådet ikring. I september same året hersette sovjetiske troppar Vilniusområdet.

Etter dette - same året - gjorde

Sovjetunionen og Litauen ein avtale um gjensidig hjelp. Sovjetunionen skulde få stasjonere troppar i Litauen mot at Litauen fekk att Vilnius.

Den nye regjeringen vart skipa i april 1940. Leidaren - J. Packelis - skreiv ut til val på ein "Folkeforsamling". Den 21. juli 1940 godkjendte veljarane at LITAUEN SKULDE UMSKIPAST TIL EIN SOVJETREPubLIKK, og den 3. august same året - vart landet - etter godkjenning i det øvste Sovjet tekje inn som delstat i Sovjetunionen. Innlemingi er de facto godkjend av dei fleste land, men ikkje av USA.

Stalins utreinskingsbande før hardt fram mot den økonomiske yverklasse, dei intellektuelle, og med ein total utsletting av den nasjonale officers- og embetsstand. Um desse deportasjonar og massemyrderiene skulde vera avgjerande for den moralske rett - eller ikkje rett - til å rekne Litauen for ein Sovjetrepublikk - vert det truleg ikkje mykje att av heile Sovjetunionen.

Soga um Estland og soga um Latvia er minst like forvitnelege som Litauen-soga - og dei hev ein viss likskap med denne. Dei fær vente til eit seinare høve - um det byd seg.

Den 14. mai 1990 - proklamerar Michail Gorbatsjov i Sovjetisk fjernsyn - som òg kom i kveldsnytt frå NRK - at sjølvstendefråsegnene frå Estland og Litauen er ulovlege.

Kva skal den norske styresmagti gjera i den samanhengen?

Det norske folket hev sympati for den litle - kjenner seg i skyldskap med eit lite folk som er utsett for overgrep frå ein megtig granne. Men det spørst um ikkje dei baltiske folki er litt tidleg ute med kravet um sjølvråderett. Ein kann òg undrast um ikkje dei fridomselskande folki i dei baltiske statane like so godt kunde taka eit tak for fridomen for heile det sovjetiske folket med å vera innanfor unionen. Som me veit er det enno sterke kreftir innanfor Sovjetunionen som motarbeider både Glasnost og Perestroika. Me ynskjer at dei reformvenlege kreftene i Sovjet skal vinne.

Til no tykkjest den norske styresmagti ha gjengje klokt fram i denne so vandskelege saki, endå so rett som det tykkjest vera det som Carl I. Hagen og hans drabantar søkjer å hauste politisk vinst på.

# B



ISSN-1503-2469

## Det nye partiet

Av Olav Torheim

AKP og RV legg seg sjølve ned og gjeng saman um eit nytt vinstreparti. Namnet på det nye partiet er Raudt! Dette kunde Bergens Tidende og andre avisor fortelja oss den tiande mars i år.

Etter oppslaget å døma var delegatane glade og vel forlikte, og stemningi god, ulikt dei mange fraksjonskampane som hev vore gjennom tidene på RV-lands møti. Eg kann likevel ikkje forstå anna enn at Jan Steinholt frå den sokalla ML-gruppa Revolusjon hev heilt rett i sin analyse av saki når han slær fast at det for gamle AKP sin part er det rein likvidasjonisme å leggja seg ned no. Og i grunnen syner det berre kor lite dei sjølve trur på det dei driv på med.

Heile det politiske grunnlaget for AKP/RV-rørsla var ein vinstreopposisjon mot moderpartiet på SF, og den ideologien dei stod for med fredeleg yvergang til sosialismen, fleirpartisystem og demokratisk. AKP skulde verta "partiet av ny type", det skulde gå framfor og ha "ei leidande rolla i klassekampen". Kva slags rolla skal det nye partiet få i dag? Eit litt meir lyseraudt SV, av um lag same kaliber som det "reformistiske" partiet som AKP-arane førde ein hardnakka polemikk i mot for 30 år sidan?

I 1973, då AKP-ml såg dagsens ljøs, stod opprørse ungdomar i kø for å verta med og byggja Partiet. Kina og Albania var dei lysande fyrtårni. Det vart skipa ml-parti i heile Europa. I dag er det vanskeleg å sjå fyre seg at det er grunnlag for noko nytt parti til vinstre for SV. Tvert imot. Det som trengst er at folk byrjar å tenkja nytt, på tvers av gamle høre-vin-

stre-aksar og med grunnlag i dei demografiske, økologiske og kulturelle utbodingane som me stend andsynes i dag. Lat meg draga ein parallell:

På slutten av 70-talet tok det til å røynd på for AKP-arane, med APA/KKP-skismaet, Vietnam sin invasjon i Kambodsja, nækjingi av Pol Pot sine massakrar og torturfengsel, fraksjonskampane i Kina med Firarbandet og Hua Guofeng (og endeleg massakren på den Himmelske Fredens Plass). Som fylgja av dette vart AKP fullstendig diskreditert og tilværet på 80-talet var ei einaste stor ørkenvandring. Til slutt enda det med at dei droppa marxismen-leninismen til bate for nye naive teoriar um fleirkulturelt samfund og "progressiv alliansebygging" med fundamentalistiske muslimar (Trond "Ali" Linstad er vel erkeeksempelet på ein raddis som fylgde den nye lina heilt ut).

I våre dagar er det stødt fleire som tek ei kritisk oppgjerd med fyrestellingar um kulturrelativisme og multikultur. Det er vel nok å nemna 11. september, Theo Van Gogh, Muhammedkarikaturane, tvangsekteskap osv. Eit vinstreparti som kunde utforma ein ny og realistisk politikk for korleides det sosialdemokratiske samfundet skal møta slike utbodingar, det hadde vore noko. I staden skal "det nye partiet" fyrst og fremst fanga opp det "tomrommet til venstre" som hev uppstade når SV hev kome i regjering, og fronta dei sakene som SV-arane må ut på stortingsplen og demonstrera mot seg sjølve for å få markert. Det hjelper ikkje at dei sakene det gjeld,

som motstand mot å senda styrkar til Afghanistan og boikott av Israel, faktisk er dei sakene som SV hev tapt flest røyster på (etter det meiningsmølingane fortel). Oppslutnaden skal like fullt sikrast med å meinhalda på idear som stødt færre trur på, um me skal me tru Torstein Dahle.

Skal eg koma med ein spådom, må det vera at Stortingsvalet 2009 kjem til å vera den ytste vinstresida sitt desidert dårlegaste val på mange år. Kor mange er det eigenleg som hev klart å få med seg den partikkelfysiske hendingi det er at tvo knøttsmåe parti på ytre vinstre slær fillone saman? Då eg fyrst hørde um det nye partiet Raudt, tenkte eg at valdagen mest sannsynleg kjem til å enda med at dei som hev røysta RV i alle år av gamal vane ikkje greider å finna ein røysetedel det stend RV på, og so røystar dei SV i staden, sidan det er det næraste dei kjem (so mykje for "tomromet til venstre for SV"). Men dette hev visst dei gamle aktivistane i det nye partiet alt tenkt på, for jamvel um partiet heiter Raudt skal dei like fullt stella til val som RV!

Reint sektologisk er det soleides meir spanande å sjå kva som kjem ut or den alternative grupperingi, Kommunistisk Plattform, som no hev set dagsens ljøs. Talsperson for gruppa er Kjell Arnestad, som ikkje er eit heilt ukjent namn i målrørsla. Um "post-ML-rørsla" (fritt etter Magnus Marsdal) ikkje fær gjort so mykje meir ut av seg politisk i tidi som kjem, kann dei framleides gjera mykje for norsk humor. Me hev sansen for det tragikomiske.

*Målmannen er avhengig av folk som skriv høgnorsk. Kom gjerne med stykkje og innlegg til bladet!*

Attende til: Målmannen, Natland stud. by S136, 5081 Bergen

### Sluttordet:

*Store oppgåvor skal ein byrja på, ikkje tenkja på.*

Julius Cæsar